

Framtidig skulestruktur i Fjaler kommune – dokument til offentlig ettersyn, rev 20.8.26

Innhold

Framlegg til vedtak	3
1. Innleiing og bakgrunn	3
1.1 Mandat og politisk vedtak	3
1.2 Lovgrunnlag	4
1.3 Formålet med saka	4
1.4 Bakgrunn for saka – problemstilling	4
2 Prosess fram til dagens sak.....	5
2.1 Organisering.....	5
2.2 Styringsgruppa sitt arbeid	5
2.3 Folkemøte i Flekke 30.11.25 og på Våge den 8.12.25	6
2.4 Innspel fram til no i prosessen	6
2.5 Prosessen fram til sak om høyring av framtidig skulestruktur (tabelloppsett)	6
2.6 Plan for vidare arbeid.	7
3 Faktagrunnlag.....	7
4 Befolkningsprognoser (AK s. 8–9).....	8
5 Kostnader i grunnskulen -drift vs. investering.....	9
5.1 Innsparing ved dei ulike alternativa.....	9
Kva er skilnaden på innsparing på 5,9 mill og 10,9 mill kroner (alt. 1)	10
5.2 Framtidige kostnader med dagens struktur (alternativ 0) grunna behov for investeringar.....	11
6 Rekruttering og fagleg kompetanse.....	12
7 Framtidige skulekostnader med dagens struktur.....	12
7.1 Flekke skule og barnehage - bygg	12
7.3 Flekke barnehage - bygg	13
7.4 Våge skule - bygg	14
7.5 Dingemoen skule – bygg	14
8 Elever og kapasitet i Fjaler kommune	15

Kapasitetstal og arealvurderingar	15
9 Alternative løysningar for å effektivisere grunnskulen	16
9.1 Tiltak innanfor dagens struktur	17
10 Alternativ 1 – Flekke skule til Dingemoen skule	18
10.1 Kapasitet	19
10.2 Investering	19
10.3 Kvalitet	19
Nokre fordelar for kvaliteten	20
Nokre ulemper for kvaliteten.....	20
10.4 Folkehelse/skuleveg	22
10.5 Samfunnsutvikling	22
10.6 Vurdering av barnets beste	24
10.7 Årlege utgifter.....	25
10.8 Konklusjon	26
11 Flekke barnehage – konsekvensar om skulen blir lagt ned.....	27
12 Alternativ 2 – Flekke skule trinn 5-7 til Dingemoen skule	28
12.1 Kapasitet	28
12.2 Investeringar	29
12.3 Kvalitet og fagmiljø.....	29
12.4 Folkehelse og skuleskyss	30
12.5 Samfunnsutvikling	30
12.6 Barnets beste	30
12.7 Årlege utgifter.....	31
12.8 Konklusjon	32
13 Alternativ 3 – Våge skule trinn 8-10 til Dingemoen skule	32
13.1 Kapasitet	33
13.2 Investeringar	33
13.3 Kvalitet	33
Nokre fordelar for kvaliteten	34
Nokre ulemper for kvaliteten.....	34
13.4 Folkehelse/skuleskyss	35
13.5 Samfunnsutvikling	35
13.6 Vurdering av barnets beste	36

13.7 Årlege utgifter.....	37
13.8 Konklusjon	38
14 Oppsummering	38
14.1 Vurdering av alternativa 1,2 og 3 sett opp mot å halde fram som i dag.....	38
14.2 Konsekvensar for barnehage i Flekke om skulen vert lagt ned skal vere ein del av rapport.	44
14.3 Mandatet for utgreiing skal også innehalde utgreiing av kostnadsreduksjonar på Dingemoen.....	45

Framlegg til vedtak

Kommunestyret vedtek å sende saka om framtidig skulestruktur i Fjaler kommune ut på offentleg ettersyn.

1. Kommunedirektøren tilrår at alternativ 1 – nedlegging av Flekke skule og overføring til Dingemoen skule, vert sendt ut på høyring som administrasjonen sitt føretrekte alternativ.
2. Kommunedirektøren tilrår ikkje alternativ 0, 2 og 3, men alternativa er utgreidde og blir lagde fram som samanlikningsalternativ i høyringa.
3. Høyringsperioden vert sett til 2 månader med frist for innspel 20.10. 2026
4. Kommunedirektøren vil legge til rette for brei medverknad frå innbyggjarar, tilsette, føresette og elevar under tida høyringsperioden føregår.
5. Endeleg saksframlegg med vurdering av høyringsinnspela og tilråding til framtidig skulestruktur vert vedteken i Kommunestyret den 19.11.2026

1. Innleiing og bakgrunn

1.1 Mandat og politisk vedtak

I sak om mandat for arbeidet med utgreiing av skulestruktur, vedtok kommunestyre i møte 11.12.25 (sak 74/25) følgjande:

Kommunestyre vedtek mandat for arbeid med utgreiing av skulestruktur slik det ligg føre i saksutgreiinga.

Formannskapet samt ein representant frå SV blir valt til å vere styringsgruppe.

Det som skal vurderast er:

Alternativ 0: Vidareføring av dagens struktur

Alternativ 1: Nedlegging av Flekke skule og overføring til Dingemoen skule

Alternativ 2: Samling av trinn 5–7 frå Flekke til Dingemoen skule

Alternativ 3: Samling av ungdomstrinnet (8–10) frå Våge til Dingemoen skule

Tilleggsframlegg frå kommunestyre:

Før utgreiingsarbeidet vert sett i bestilling skal kommunedirektøren legge fram orientering til styringsgruppa om kor vidt endring i skulestruktur vil utløyse klassesdeling.

Styringsgruppa skal legge fram bestilling om teknisk tilstandsrapport av bygningsmassen.

Konsekvensar for barnehage i Flekke om skulen vert lagt ned skal vere ein del av rapport.

Mandatet for utgreiing skal også innehalde utgreiing av kostnadsreduksjonar på Dingemoen.

1.2 Lovgrunnlag

Etter opplæringslova har kommunen det overordna ansvaret for å oppfylle retten til grunnskuleopplæring for alle som bur i kommunen. Dette ansvaret følgjer av opplæringslova § 28-1, som fastset at kommunen har både det juridiske og det økonomiske ansvaret for grunnskuleopplæringa. Kommunen skal òg sørge for at pliktene lova legg på kommunen, skulane og dei tilsette i skulen, blir oppfylte.

Verken opplæringslova eller anna regelverk inneheld materielle reglar for korleis skulestrukturen skal utformast. Avgjerder om skulestruktur høyrer difor til kjerneområdet for det kommunale sjølvstyret, og skal byggje på dei økonomiske, politiske og samfunnsmessige prioriteringane som kommunestyret gjer.

1.3 Formålet med saka

Formålet med saka er å sende forslag til framtidig skulestruktur ut på høyring, med Agenda Kaupang-rapporten (heretter òg kalla AK) som fagleg grunnlag. Rapporten vurderer korleis grunnskuletilbodet kan organiserast slik at kommunen over tid kan sikre **god kvalitet i opplæringa, robuste fagmiljø og ein berekraftig ressursbruk**. Agenda Kaupang understrekar at rapporten ikkje peikar ut eitt rett alternativ, men at val av skulestruktur handlar om ei avveging mellom omsyn til økonomi, kvalitet, skuleskyss og lokalsamfunn.

1.4 Bakgrunn for saka – problemstilling

Fjaler kommune har dei siste åra hatt store økonomiske utfordringar, og alt tyder på at desse utfordringane vil halde fram gjennom heile økonomiplanperioden. Ved salderinga av budsjettet for 2026 mangla kommunen 9 millionar kroner for å nå budsjettbalanse. Skal kommunen nå eit resultat som tilfredsstiller måltala – og

dermed byggje opp kapasitet til å ta opp lån til naudsynte investeringar – manglar det minimum 15 millionar kroner.

Sentrale nøkkeltal

Nøkkeltal	Kr
Budsjettgap 2026	9 mill
Langsiktig behov	15 mill
Gjeldsgrad	110%
Gjeld over anbefalt nivå	150 mill
Skulen sitt kostnadsavvik vs kommnr.	2,2 mill

Vedlegg 1 Arbeid med innsparing og omstilling forklarar årsaka til at kommunen har økonomiske utfordringar, kommunen sitt investeringsbehov og arbeidet med innsparing og omstilling fram til i dag.

2 Prosess fram til dagens sak

Arbeidet her vore gjennomført etter vedtak i kommunestyremøte 11.12.25 – sak 74/25 Mandat for arbeidet med utgreiing av skulestruktur (jf kap 1.1) og styringsgruppa sitt vedtak 8.1.26 – sak 4/26 Prosjektplan og val av konsulentfirma.

2.1 Organisering

Oppdragsgevar: Kommunestyre

Styringsgruppe: Formannskapet samt eitt medlem frå SV og ein frå uavhengig (for å sikre representasjon frå alle parti som set i kommunestyre). Ordførar har leia møta.

Prosjektansvarleg: Kommunedirektør

Prosjektleiari: Kommunalsjef oppvekst

Prosjektgruppe: Kommunalsjef, rektorar, Økonomikonsulent, representant for eigedom, tillitsvalt og hovudverneombod,

Konsulent frå Agenda Kaupang

Styringsgruppe- prosjektgruppe

2.2 Styringsgruppa sitt arbeid

Formål med å ha ei styringsgruppe med politisk representasjon var å sikre politisk involvering og forankring av utgreiingsarbeid og prosessen fram mot utarbeiding og handsaming av sak om framtidig skulestruktur.

Styringsgruppa har hatt fire møte og siste møte var 13. mai 2026 der vart gjort følgjande vedtak i sak 17/26 Gjennomgang av sluttrapport skulestruktur.

Møtedeltakarane har fått frist til 21.05.2026 til å sende inn evt andre kommentarar og opprettingar til kommunalsjef oppvekst. Deretter vil endeleg rapport bli ferdigstilt frå Agenda Kaupang.

Det vil bli laga ein framdriftsplan for vidare arbeid med saka. Innstilling frå kommunedirektøren med rapporten som vedlegg vert sendt ut etter sommarferien.

2.3 Folkemøte i Flekke 30.11.25 og på Våge den 8.12.25

Det vart gitt informasjon frå kommunedirektøren om kvifor ein startar arbeid med å vurdere skulestruktur og gjennomført gruppearbeid om «*kva de meiner er viktig for kommunen å ta omsyn til når ein skal gjennomføre utgreiingsarbeider*»

Innspela er lagt ved og peikar på utfordringa knytt til reisebelastning, samfunnsutvikling (oppretthalde folketal), lite innsparing (på Våge), alternative innsparingar utan nedlegging, konsekvensar for næringsutvikling og rekruttering og om bygg. Våge legg ekstra vekt på ungdomstrinnet si rolle i ytre Fjaler, medan Flekke understrekar lokal vekst og risiko for nedgang i folketalet.

2.4 Innspel fram til no i prosessen

Innspel frå innbyggjarar i Guddal – mottatt 6.4.26

Innspel frå innbyggjarar i Guddal handlar om behov for betre utgreiing av reisetida til elevane, dagens ordning med kjøp av plassar frå Sunnfjord, likeverdig opplæringstilbod, opningstidene i barnehage og SFO, fråflytting og moglegheit for reell medverknad.

Innspel frå Flekke grendalag datert 31.7.26

Det mest vesentlege i innspelet frå Flekke grendalag er at dei meiner Agenda Kaupang-rapporten har vesentlege manglar i datagrunnlag, kapasitetsvurderingar og konsekvensanalyse for lokalsamfunnet, og at premissa for å vurdere nedlegging/omlegging av Flekke skule derfor ikkje er godt nok dokumenterte. Dette handlar om datagrunnlag og prognosar, vurdering av kvalitet, fagmiljø og bemanning, skulskyss, reisetid og folkehelse, skulen si rolle i lokalsamfunnet og samfunnsutviklinga, bygg investering og kostnadsbilete, barnets beste og medverknad.

Agenda Kaupang har fått oversendt innspela frå Flekke grendalag, men ikkje funne grunnlag for å gjere endringar i rapporten. Det er funne ein feil i rapporten når det gjelder investeringsbeløp for Flekke barnehage der det på side 54 der det står 37 mill kr og 1,9 mill kr. Det rette skal vere 41,1 mill kr og 2,076 mill kr slik det står i tabellen på s. 78.

Vi har i saksutgreiinga forsøkt å teke omsyn til innspela, munnlege tilbakemeldingar. Desse vil vere heilt, delvis eller ikkje svart ut. Rapporten blir no lagt på høyring og det vil vere høve for alle interessert til å kome med høyringsinnspel. Desse vil bli teke til vurdering i samband med utgreiing av sak til endeleg vedtak. Høyringsfristen er den 20.10.26.

2.5 Prosessen fram til sak om høyring av framtidig skulestruktur (tabelloppsett)

Når	Aktivitet	Ansvar
-----	-----------	--------

5.11.25	Formannskapsmøte: oppdrag frå formannskapet om å lage sak om mandat for utgreiing av skulestruktur	Formannskapet
27.11.25	Formannskapet: handsaming av budsjett og handlingsprogram	Ordførar
30.11.25	Folkemøte i Flekke	Ordf., Komm.dir og komm.sjef
8.12.25	Folkemøte på Våge	Ordf., K.dir og komm.sjef
11.12.25	Kommunestyre: Vedtak om mandat for arbeid med skulestruktur	Ordf.
8.1.26	Styringsgruppa: Godkjenning av prosjektplan og val av tilbydar – Agenda Kaupang (AK)	Ordf
14.1.26	Styringsgruppa: Gjennomgang av oppdraget (mandat) med AK	Ordf
13.2.26	Styringsgruppa: Godkjenning av AK sin prosjektplan	Ordf.
18.3.26	Styringsgruppa: Gjennomgang av førebels rapport	Komm.sjef og ordf.
Mars-april	Sentral arbeidsperiode: <i>Arbeid med rapport – AK herunder intervju med leiing, representatar for tilsett, tillitsvalde, hovudverneombod og sentrale nøkkelpersonar innan oppvekstsektoren.</i>	
13.5.26	Styringsgruppa: Gjennomgang av foreløpig sluttrapport AK	Komm.sjef og ordf.

2.6 Plan for vidare arbeid.

I siste møte i styringsgruppa den 13.5.26, var det semje om å sende saka på høyring etter sommarferien. Ordførar informerte kommunestyre i møte 18.6.26 om at høyringssaka blir handsama i kommunestyremøte den 20.8.26.

For å sikre gode muligheiter for involvering og medverknad, er det lagt opp til ein høyringsperiode på 2 månader med høyringsfrist 20.10.26 og endeleg handsaming i kommunestyremøte den 19.11.26.

I høyringsperioden blir det i samarbeid med representantar frå grendalag, FAU og skulane laga plan for arena for involvering.

3 Faktagrunnlag

For å kunne gjere gode vurderingar er vi avhengige av eit godt kunnskapsgrunnlag. I tillegg til lokale data og intervju har AK i rapporten nytta nasjonale data og samanlikningar. Rapporten tek føre seg kostnader, kvalitet, skuleskyss, bygg/tilstand og konsekvensar for lokalsamfunnet, i tråd med kommunestyret sitt mandat og tilleggsvetakt, jf. punkt 1.1 (denne rapporten).

Det vil alltid kunne vere enkelte svakheiter, som feil i faktagrunnlaget, manglande lokalt eigarskap til innhaldet, konsulenten sin avgrensa kjennskap til historikk og lokale tilhøve, samt mykje informasjon og lite tid til grundig gjennomgang. Dette har vi forsøkt og ta omsyn til i arbeidet, og vi meiner at rapporten er eit godt basisdokument til bruk i høyringsfasen.

AK sin rapport vart lagt fram som utkast og drøfta i møte 13.05.2026. Prosjektgruppa og styringsgruppa hadde noko knapp tid til å kome med innspel i sjølve møtet, og det vart difor bestemt at dei skulle få vel ei veke ekstra på å kome med innspel. Det kom ikkje inn innspel til rapporten innan fristen 21.5.26.

Det er kommuneadministrasjonen sine vurderingar som er viktige og avgjerande, og som ligg til grunn for framlegget til sak som blir lagt ut på høyring.

På dei tema kor det har vore stilt spørsmål som krev utdjuping og tema som Agenda Kaupang ikkje har vurdert, har vi teke det med i rapporten. Dette gjelder

- Befolkningsprognose
- Kostnader i grunnskulen – drift vs investering
- Rekruttering og fagleg kompetanse
- Kapasitet
- Bygg
- Tiltak for å effektivisere grunnskulen

4 Befolkningsprognoser (AK s. 8–9)

Rapporten nyttar SSB sin hovudprognose (kalla «MMMM») for å anslå kor mange barn det blir i framtida (s. 8). Prognosane er korrigererte for UWC-elevar (27 elevar som er 16 år i 2025/26).

Det er vanskeleg å vite nøyaktig kor mange barn det blir om meir enn 10 år, fordi ein ikkje veit sikkert kor mange som blir fødde, eller kor mange som flyttar til eller frå kommunen (s. 9). UWC-elevane bidreg også til at tala blir meir usikre når ein ser 10–15 år fram i tid.

Prognosen som er brukt er frå 2024, og er justert for UWC-elevane. Det var lagt fram ny prognose juni 2026 (s. 9). Den nye prognosen viser noko fleire barn for 2035 samanlikna med prognosen frå 2024. AK vurderer at prognosen ser offensiv ut, altså at han kan vise eit for høgt tal, og peiker på at dette kan ha samband med at busette flyktningar påverkar prognosetala.

Prognosen er viktig for å vurdere tal barn i høve kapasitet i skulen.

Faktiske tala viser at vi har høgare tal for Flekke og Dingemoen skule, medan det er noko lågare tal i Våge. Dette skyldast at det er komme til fleire barn (flyttingar) og at det har vore ein reduksjon på Våge.

Vi kjem til å oppdatere tala når vi har fått SSB tala for 2. kvartal 2026 og ta det med i sak om endeleg vedtak.

Kapasitetstala i kap. 8 (denne rapporten) viser at vi har god kapasitet på Dingemoen til å handtere fleire elevar enn det som prognosetala legg til grunn.

5 Kostnader i grunnskulen -drift vs. investering

5.1 Innsparing ved dei ulike alternativa

I dag kostar grunnskulen i Fjaler 74,5 millionar kr. i året (kap. 4.3, s. 27).

Fjaler brukar meir pengar per elev enn liknande kommunar. Rapporten seir kommunen kunne spart 5–6 millionar kroner i året om kostnadene var som i liknande kommunar (kap. 4.3, tabell 6, s. 28). Det er kommunar med tilsvarande struktur som driftar billegare og kommunar som driftar dyrare.

Held ein fast på dagens struktur, vil dei samla årlege kostnadene auke til 83,3 millionar kroner i året, mykje på grunn av nye investeringar (kap. 5.5, s. 64).

Fjaler har i gjennomsnitt 113 elevar per skule, mens liknande kommunar har 129 (s. 27–28).

Kommunen bruker 17,2 årsverk (tilsette 2025/26) per 100 elevar, det er høgare enn snittet (s. 28–34).

Kommunen bruker meir pengar enn snittet på SFO og skulebygg, men mindre enn snittet på skuleskyss (s. 28–34).

Ei samanstilling av alternativ og berekna innsparing gir følgjande tal:

Innsparingar	Kort sikt	Lang sikt
Alt. 1 Flekke til Dingemoen	5 912 725	10 905 456
Alt. 2 Flekke skule 5-7 til Dingemoen	2 274 669	2 980 987
Alt. 3 Våge skule u.trinn	2 038 341	2 580 963
Alt 1 + Alt 3	7 951 066	13 486 419

Alternativ 1 (legge ned Flekke skule): Sparer mest – om lag 10,9 millionar kroner i året (lang sikt). Pengane kjem frå mindre undervisningskostnader, mindre bygningsdrift og at kommunen ikkje trenger investere om lag 98,8 millionar kroner i Flekke (AK kap. 6.3, s. 76; kap. 6.6, s. 91)

Alternativ 2 (5-7 trinnet på Flekke flytter til Dingemoen): Sparer om lag 3 millionar kroner i året (lang sikt). Mindre spart fordi Flekke framleis skal drivast for dei yngste elevane (AK kap. 6.4, s. 83; kap. 6.6, s. 91) og at det må gjennomførast investering i bygningsmassen.

Alternativ 3 (ungdomstrinnet på Våge flytter til Dingemoen): Sparer minst – om lag 2,6 millionar kroner i året (på sikt), fordi Våge framleis må driftast for dei yngste elevane (AK kap. 6.5, s. 89–90; kap. 6.6, s. 91).

Alle alternativa kan gjennomførast utan store nye byggekostnader på Dingemoen, bortsett frå dei 12 millionane til gardarobbar (kap. 6.6, s. 91).

Kva er skilnaden på innsparing på 5,9 mill og 10,9 mill kroner (alt. 1)

Tenk deg at skulen er som eit hus. Kvart år betaler kommunen for to ulike ting:

Å bu i huset og bruke det – lærarlønn, oppvarming, vaktmeister, straum og så vidare. Dette kallar vi drift.

Å byggje eller fikse huset – dersom huset er gammalt og må oppgraderast, rivast og byggjast opp på nytt, må kommunen låne pengar og betale tilbake lånet med rente etterpå, år for år. Dette kaller vi kapitalkostnader (rente og avdrag).

➔ Dei 5,9 millionane – pengar vi sparar allereie i dag

Om vi flyttar elevane frå Flekke til Dingemoen, vil kommunen med ein gong bruke mindre pengar på drift: færre lærarar å lønne, og mindre bygg å varme opp og halde ved like.

Innsparinga fordeler seg slik:

- 4,9 mill. kroner i undervisning
- 1,3 mill. kroner i bygningsdrift

Frå dette må ein trekkje frå auka kostnader:

- 83 000 kroner i auka kostnad til SFO
- 176 000 kroner i auka kostnad til skuleskyss

Samla gir dette ei netto innsparing på om lag 5,9 mill. kroner.

Dette er pengar som forsvinn ut av dagens driftsbudsjett med ein gong – heilt uavhengig av om kommunen byggjer noko nytt eller ikkje. Det er difor politikarane er vane med å høyre om nettopp dette talet: det er ei reell, konkret innsparing som synest i budsjettet frå dag éin.

➔ Dei siste 4,9 millionane – ei innsparing som ligg fram i tid

Flekke-skulen er gammal, og rapporten seier bygget bør rivast og erstattast med nytt bygg til om lag 98,8 millionar kroner. Denne investeringa er ikkje bestemt og ikkje lagt inn i budsjettet i dag – det er som ei stor rekning som ligg og ventar ein stad i framtida, men som ingen har planlagt. Vedlegg 1 gir oversyn over Fjaler kommune sitt framtidige investeringsbehov (førebeles kartlegging).

Om kommunen faktisk hadde bygd dette nye skulebygget, måtte kommune ha lånt pengane, og då måtte vi betalt om lag 4,9 millionar kr. i året i rente og avdrag på

lånet – akkurat som når ein tar opp huslån og må betale ned det år for år. AK har i utrekningane teke utgangspunkt i 4% rente og 40 års avdragstid. Ved auka rente vil innsparingsbeløpet auke.

Fordi denne rekninga ikkje er vedtatt eller lagt inn i budsjettet i dag, kan vi ikkje seie at vi "sparer" desse 4,9 millionane i dagens budsjett – dei pengane er jo ikkje der å spare frå i utgangspunktet enno. Det finst ikkje noko rente- og avdragsbeløp å trekkje frå i dag, sidan investeringa ikkje er planlagt.

Men om vi ser framover: om ein vel å halde fram med aktivitet i bygget må det på eit tidspunkt likevel må gjerast noko med Flekke-bygget – fordi det blir for dårleg eller for dyrt å drifte – då vil desse 4,9 millionane i året bli ein reell kostnad (kapitalkostnader). Ved å flytte elevane til Dingemoen no, unngår vi denne framtidige rekninga heilt.

Det er derfor Agenda Kaupang tar den med i sitt tal på 10,9 millionar kr: dei reknar på kva som er lønnsamt over tid, ikkje berre kva som synest i budsjettet neste år. Dei har brukt lik metode på alle skulane i arbeid med å vurdere behovet og planlegge tiltak slik at samanlikningsgrunnlag skal bli likt.

5.2 Framtidige kostnader med dagens struktur (alternativ 0) grunna behov for investeringar

Om alt held fram som i dag, trengst det til saman 141 millioner kroner i investeringar for å oppgradere og bygg ny (Flekke) for alle tre skulane (s. 64).

Til saman vil grunnskulen då koste 83,3 millioner kr i året – det er 7,9 millioner meir enn i 2025-regnskapet (s. 65).

Skole	Type skole	Elev 2025	Pris per elev	Netto utgift 202 Undervisning	Areal 2025	Areal per elev	Areal plan	Investering	Kapital- kostnad	Netto utgift 222 Skole- lokaler	Skyss- elever	Netto utgift 223 Skoleskyss	Netto utgift SFO	Sum undervisning + lokaler + kapital + skyss + sfo
Dingemoen skule	k	256	129 762	33 219 048	5 289	21	5 489	12 000 000	606 282	4 287 529	50	518 422	1 745 408	40 376 689
Flekke skule	b	38	258 349	9 817 274	1 112	29	1 647	98 820 000	4 992 731	1 286 493	21	217 737	463 624	16 777 859
Våge skule	k	44	240 598	10 586 324	1 511	34	1 826	30 232 500	1 527 451	1 426 312	21	217 737	409 080	14 166 905
Sum		338	158 647	53 622 646	7 912	23	8 962	141 052 500	7 126 464	7 000 335	92	953 896	2 618 112	71 321 453
Fellesutgifter				5 682 244				-	0	6 254 425		-		11 936 669
Regnskap				59 304 890					7 126 464	13 254 760		953 896	2 618 112	83 258 122

Tabell 19 - Samlede kostnader ved dagens skolestruktur i 2025-kroner, alternativ null

Netto driftsutgift ved alternativ null er **om lag 7,9 mill.** kr meir enn netto driftsutgift i rekneskapen for 2025. Forskjellen er de nye **kapitalkostnadene på 7,1 mill. kr pluss 0,8 mill. kr** i økte utgifter til lokale (1000 kvm ekstra areal - Flekke). Dei andre postane endrast ikkje.

Barnehagen Flekke er ikkje inkludert i dette og vil komme i tillegg slik som skildra i kapittel 5.1, jf **investering på 41 mill.** kr og kapitalkostnader **på 2,1mill.** kr. (merknad: korrigert tal då AK sine tal som står på s54 er feil. Det er rett det som står på s78)

6 Rekruttering og fagleg kompetanse

Fjaler kommune opplever utfordringar knytt til rekruttering av kvalifiserte lærarar og skuleleiarar. Rekrutteringssituasjonen vert vurdert å kunne bli meir krevjande i åra framover, mellom anna som følgje av demografiske endringar og aukande konkurranse om pedagogisk arbeidskraft.

Vi har siste tre åra opplevd å ikkje har søkjarar på utlysing av rektorstillingar, og på stillingar med kompetanse innan enkelte fag.

Små fagmiljø ved skulane gjer det meir sårbart å oppretthalde stabil pedagogdekning og nødvendig kompetanse innan alle fagområde. Færre yrkesaktive pedagogar kan på sikt påvirke kommunen si evne til å sikre forsvarleg pedagogisk bemanning og oppfylle krav til kompetanse i opplæringa.

Ein meir samla skulestruktur vil kunne styrke rekrutteringsgrunnlaget ved å tilby større fagmiljø, meir attraktive arbeidsplassar og betre vilkår for fagleg utvikling. Dette kan bidra til å sikre stabil tilgang på kvalifisert personale og redusere sårbarheita i skulesektoren.

7 Framtidige skulekostnader med dagens struktur

Dette kapittelet viser kor mykje det vil koste å halde fram med dagens tre skular, når vi tek med kor mykje det kostar å oppradere skulebygga.

For å kunne samanlikne kostnadane med dagens skulestruktur med alternative løysingar, må alternativa ha same standard.

Elevtal 2026/27	AK rapporten	1.8.26
Dingemoen skule	239	246
Flekke skule	43	44
Våge skule	39	38

7.1 Flekke skule og barnehage - bygg

Flekke skule er bygd i 1977–79 og utvida med påbygg for barnehage i 1997. Skulen har 38 elever i dag, men har plass til maks 82 og plankapasitet til 70 (s. 48–53) og kap 3.5 i saksutgreiinga om forklaring på kva som ligg i maks kapasitet.

Rapporten seier skuledrifta "ikke er tilfredsstillande sett i et lengre perspektiv". Bygget er for lite, har mykje forfall, og lærarane sit i midlertidige brakker ute (s. 48–53).

Skulen har ikkje musikkrom, naturfagrom eller kunst- og handverksrom. Sløydrommet har ikkje vindauge (s. 48–53).

Å bygge ny skule (ekskl barnehage) har AK berekna til om lag 98,8 mill kr. (s. 48–53). Kostnader til inventar, oppgradering parkering og av- og påstigning er ikkje teke med.

Barnehagen på Flekke deler bygg med skulen og har same problem med dårleg bygningsstandard (s. 48–53).

AK viser til tilstandsrapporten at det vil vere lite å formålstenleg å bevare bygningsstrukturen slik den er i dag og krevjande å få til eit tilbygg til denne utan at dette er lausreve frå det eksisterande bygget (jf AK kap 2.6.3 om rom og arealprogram). Dei legg til grunn at det mest nærliggande vil vere å erstatte dagens bygningsmasse med eit nytt bygg frå å kunne drive skulen med gode og funksjonelle lokale (s52).

Det er litt avstand mellom ekstern konsulentvurdering sett i høve skulens vurdering av behov der konsulent vurderer det til å vere noko meir mangelfullt. Det er samtidig mange av dei same områda som det blir peika på, så det er godt samsvar med det generelle inntrykket av kva utfordringar som er i høve funksjonalitet (s 5).

Vedlegg – Forenkla tilstandsvurdering Flekke skule og barnehage – v/Bygghanalyse

7.3 Flekke barnehage - bygg

AK viser til at det uavhengig av framtidig skulestruktur er behov for utbetring av barnehagens lokale.

Pr 15.12.25 var det 31 barn med heiltidsplass (8 barn 0-2 år som tel 2 plassar = 16 og 23 barn 3-5 år – totalt 31 barn. Omrekna i plassar gir dette 39 plassar (barn mellom 0-2 år tel 2 plassar). I dag er kapasiteten fullt utnytta.

Ved vurdering av framtidig løysing og dersom ein vel å vidareføre skulestrukturen, vil det derfor vere betydeleg behov for investeringar.

Med kvadratmeterpris på 60 000 kr , gir det ein investeringskostnad på 41 mill kr og ein kapitalkostnad på 2,1 mill kr (merknad s 54 står det feil i AK sin rapport – 37 mill kr skal vere 41 mill kr).

I 2024 vart det til orientering estimert eit vedlikehaldsbehov på Yksnebjør barnehage (gamledelen) på 10 mill (tak, utvendig fasade, innvendige overflater, oppvarming, innvendig belysning, uteområde).

Behov for kapasitet og framtidige investeringar innan barnehage bør sjåast på som eige prosjekt for å få oversikt og kontroll på vedlikehaldsbehov, og om ein også kan organisere barnehagedrifta på ein anna måte med meir effektiv drift.

Sjå kap 11 (i denne rapporten) for utfyllande informasjon og konklusjonar om Flekke barnehage.

Alternativ til å ikkje bygge nytt vil vere å oppgradere bygningsmassen. Kostnader ved oppgradering er oppgitt til å vere 50 000 kr år m².

Vedlegg – Forenkla tilstandsvurdering Flekke skule og barnehage – v/Bygghanalyse.

7.4 Våge skule - bygg

Våge skule er bygd i 1983. Skulen har 44 elever i dag, men har plass til maks 143 og plankapasitet til 125 (s. 55–59).

Bygget er godt vedlikehalden utanfrå og innvendig, men manglar fagrom og har lite plass til dei tilsette (s. 55–59).

Å fikse dette kostar om lag 30,2 mill kr. (11,3 mill kr. til oppussing og 18,9 mill kr. til et tilbygg) (s. 55–59).

Det er ikkje lagt inn midlar i langtidsbudsjettet til oppgraderingar i gjeldande planar.

Det er godt samsvar mellom ekstern konsulentvurdering og skulen sine egne vurderingar av behov. (s59)

Det er muligheiter til å gjere om bygningsmassen for å gjere bygget meir funksjonelt og eigna til formålet for både tilsette og elevar.

Vedlegg – Forenkla tilstandsvurdering Våge skule – v/Bygghanalyse

7.5 Dingemoen skule – bygg

Dingemoen skule er ny, bygd i 2019–2021. Skulen har 256 elever i dag (2025/26) og har plass til maks 415 og plankapasitet til 365 (s. 59–63).

Skulen er ny og moderne og har alle fasilitetar ein kan forvente seg av ein moderne skule i dag.

Skulens spesialiserte undervisningsareal er svært gode og inneheld alle de funksjoner ein kan forvente seg i en moderne skule i dag. Det er egne rom til skulekjøkken, musikk, kroppsøving, data, kunst og handverk med både tresløyd, tekstil, keramikk og teikneforming. Det er også skulebibliotek og naturfagrom med eget førebuingssareal. Det er også eit eige lite gamingrom.

Skulen har også ei romslig kantine, men det er ikkje sitteplass ved borda til samtlege elever på ungdomstrinnet. Det er et tilstøytande amfi som også kan brukast til sitteplassar.

Det er gode fasilitetar for tilsette med arbeidsrom, kantine, kontorpassar, skulehelseteneste med undersøkelserom, resepsjon, møterom og personalrom. Det er også garderobar med dusj og toalett.

Skulen ligg fint til og har lyse og fine uteområde med godt med areal og muligheiter for lek og idrett.

Nokre utfordring har vi med at garderobane er for små, og at foldevegger mellom rom har dårleg lydisolering (s. 59–63). Skulen har sjølv peika på at det er for lite areal i høve tal barn som er på SFO (s 62).

Å utvide garderobane er berekna til 12 mill kr. (s. 59–63). Men, her må ein også vurdere om det er mogleg å nytte anna areal internt.

8 Elever og kapasitet i Fjaler kommune

Alle tre skulane har til saman plass til 640 (maks kapasitet) 560 elever (plankapasitet). Kommunen hadde 338 elever (2025/26) og nytta 60% av kapasiteten. (s. 63).

Bygga har til saman 7 912 kvadratmeter areal (s. 63).

Kapasitetstal og arealvurderingar

Det har vore stilt spørsmål (prosjekt- og styringsgruppemøta) korleis ein har komme fram til kapasitetstala og at desse er vanskeleg å forstå.

Rapporten brukar «maksimal kapasitet» og «plankapasitet»

Maksimal kapasitet er det høgste tal elevar som ein kan ta imot, etter gjeldande normer for m² pr elev som er 2 og norm for lærar som er 4m². Ein kontorplass krev 6m² pr tilsett. Nasjonal standard blir brukt for berekningane, jf vedlegg til rapporten.

Døme: Eit klasserom på 60m² kan romme 28 elevar (28*2m=56) og ein lærar (4m²)

Plankapasitet er det elevtalet skulen skal kunne handtere på lang sikt, og som bør brukast i planlegging av struktur, investeringar og arealbruk og som tek omsyn til variasjon i kull, innflytting og praktisk drift. Denne vil kunne variere og tal frå andre kommunar viser at det kan variere mellom 5-15% i skilnad mellom mak kapasitet og plankapasitet. Stad har brukt 10-12%, Drammen 5-7%, Fredrikstad ca 10% som døme frå andre kommunar. Agenda Kaupang har i rapporten brukt ein plankapasitet som er ca 14% lægre enn maks kapasiteten. Som rapporten gir utrekningane rikeleg med kapasitet i bygningsmassen. Sjølv om det blir endringar tal elevar, så skal det store endringar til før vi får kapasitetsutfordringar. Det betyr at vi har fleksibilitet i høve innflytting og klassedeling, ujamn aldersfordeling, og ved behov for fleksibilitet i organisering av gruppestorleik.

	Dingemoen	Våge	Flekke	Totalt	ref tal
Maks kapasitet	415	143	82	640	s49, s56 s 60
Plankapasitet	365	125	70	560	s49, s56 s 60
Skilnad	50	18	12	80	
%-vis endring	14 %	14 %	17 %	14 %	
Elevtal 2025/26	256	44	38	338	s 24-25
Prognose 28/29	217	39	42	298	s 24-25
Elevtalskapasitet 25/26	109	81	32	222	
Elevtalskapasitet 25/26: Plankapasitet - Elevtal 2025/26					

For å kome fram til elevtalskapasiteten har vi teke plankapasiteten – elevtala for 2025/26 med total 338 elevar som er om lag som berekna i 15 år perioden (s 22) og 2028/29 som døme. Dette synleggjer at det ved god planlegging og effektiv ressursutnytting, er kapasitet til auke i elevtalet. Om vi ser utvikling siste 25 år hadde vi i 2019 - 371 som det høgste tal elevar i Fjaler. Om vi set plankapasiteten frå 560 til 400, dvs ein reduksjon på 160 elevar – ser ein att det er rikeleg med kapasitet.

Ved Dingemoen vil det vere ein kapasitet på 109 elevar dersom vi legg til grunn elevtalet for 2025/26. Dersom vi legg til grunn at det kan blir 320 elevar vil det framleis vere kapasitet til 35.

Ved Dingemoen skule er det laga datarom på 78m². Det er i følgje Agenda Kaupang ikkje vanleg å ha eit slik rom i eit nytt skulebygg. Arealet er ikkje med i utrekning av kapasitet og vil kunne gjerast om til undervisningsareal og dermed auke kapasiteten ytterlegare. Dette vil gje ein kapasitet på om lag 20+ elevar.

Planlegging av kapasitet ved bygging av Dingemoen

I planlegging av Dingemoen skule var det planlagt ein dimensjonering av elevkapasitet på ca 300 elevar, men vi har ikkje funne eksakt svar på korleis dette er berekna. I arbeidsmøtereferat 3.2.17 (17/19-7/15) orienterte prosjektleiaren om «*helsedirektoratet si norm for skuleareal pr elev den er 50m². Til ein skule for ca 300 elevar trengs det difor eit areal på ca 15 000 m²*». Det står vidare at det kommunalt eigde og regulerte arealet er ca 15 000 m² og stort nok til å romme 1-10 skulen.

I funksjonsskildringa som var brukt i samband anbodet (15.12.18) står det at bygget skal dimensjonerast for 300 elevar. Det er oppgitt tal for elevar skuleåret 2018-19 til å vere 275 og 60 tilsette.

9 Alternative løysningar for å effektivisere grunnskulen

Agenda Kaupang har gjort ei vurdering av muligheitene for å effektivisere grunnskulen utan å gjere endringar i struktur. Det er viktig å understreke at det er ikkje enten eller. Sjølv med endring i struktur vil det vere behov for å halde fram

arbeide med å effektivisere drifta i kommunen. Skulestruktur er åleine ikkje nok til å løyse dei økonomiske utfordringane

9.1 Tiltak innanfor dagens struktur

9.1.1 Bemanning i skulane (s. 65–67): Fjaler bruker fleire tilsette per elev enn liknande kommunar. Rapporten seier kommunen kan redusere med opptil 6 årsverk (stillinger) uten å endre skulestruktur, blant annet ved å ha litt større klasser (s. 65–67). Eitt årsverk utgjør om lag 1 mill kr. Dette er eit potensial for effektivisering, ikkje ei dokumentert innsparing på seks årsverk som kan hentast ut utan konsekvensar for tenestetilbodet. Dette kan gje meir arbeid og press på dei tilsette som blir igjen (s. 67).

Skulen har hatt ein kraftig auke i bemanning frå 2016 og fram utan at det har vore auke i elevtalet. Dette har vore hovudgrunnen til at vi før det var aktuelt å vurdere struktur, må gå gjennom måten vi organiserer aktiviteten på. Budsjettmodellen som vart utarbeidd og presentert for oss feb 25, er eit viktig verktøy å bruke i arbeidet. Vi har fått redusert nivået og det kan vere mogleg å få til endå meir, men det vil ta tid og krevje innsats på andre området. Betre tidleg innsats er eit døme som om ein lykkast og jobba målretta kan ta ned ressursbruken. Men, dette er det vanskeleg å budsjettere for. Agenda Kaupang meiner vi må vere varsam med tanke på å redusere bemanning i skulane ytterlegare (s 66). I tabell 4 ser vi at Fjaler brukar 17,2 årsverk medan KOSTRA-gruppe 5 brukar 16,47 årsverk pr 100 elevar. Dette utgjør 3 årsverk fordelt på 3 skular. Det er forventa ein liten elevtalsnedgang hausten 26 med 17 elevar, noko som gjer at drifta må tilpassast dette nivået. Dette utgjør ytterlegare 3 årsverk. Agenda Kaupang meiner at inntil 6 årsverk er eit mogeleg mål om kommunen ynskjer å effektivisere drifta. Dette føreset undervisning i noko større grupper på dei fådelte skulane og at ein ser på undervisninga generelt sett. Det vil vere **konsekvensar** av ei slik endring mellom anna færre lærar i ordinær undervisning, mindre muligheiter for deling av klassar, mindre muligheiter for tilpassa opplæring, nedprioritering av oppgåver som er utforbi kjerneoppgåvene slik som sosial aktivitetar, fleksibilitet ved fråvær, muligheit til å drive utviklingsprosjekt og samla sett kan det har stor innverknad på kvaliteten i opplæringstilbodet. Ein slik reduksjon vil med andre ord kunne ha merkbare arbeidsmiljømessige konsekvensar.

9.1.2 Samarbeid mellom tenestene (s. 67–69): Skulen, PPT, barnevern og helsetenesta samarbeider i dag litt for lite og for seint. Rapporten foreslår faste team på kvar skule som kan fange opp problem tidlegare (s. 67–69).

AK peikar på at ein meir strukturert samhandlingsmodell i Fjaler bør derfor ta utgangspunkt i eksisterande tenester og samarbeidsarenaer, men tydeleggjere roller, ansvar og samhandlingsprosesser. Dette er noko vi jobbar med, mellom anna gjennom BTI-modellen der ein har gjort mykje av dei same erfaringane.

Råda og det som blir vist til her, er viktig å få med i strategiplan for oppvekst og helse (Barnevern, Helsestasjon og barn og unge avdelinga).

9.1.3 Individuelt tilrettelagt opplæring (s. 69–71): Fjaler bruker mykje ressursar på å hjelpe enkeltelevar. Agenda Kaupang meiner meir av denne hjelpa bør skje tidligare og innanfor vanlig undervisning, i staden for som eiga oppfølging over lang tid (s. 69–71). Det vil vere konsekvensar i form av endring av arbeidsformer og auka krav til samarbeid. Det kan bidra til kompetanseutvikling, men stiller og krav til tydeleg leiing og oppfølging. Bruken av assistentar og fagarbeidarar vil kunne bli meir målretta og tidsavgrensa. Økonomisk sett kan forbetringsarbeidet bidra til dempe ressursbruken over tid.

9.1.4 Samarbeid på tvers av skulane (s. 71–72): Dei tre skulane samarbeider i dag lite med kvarandre. Meir samarbeid kan gjere undervisninga meir lik og betre utnytte lærarane, men vil ikkje spare mye pengar i seg sjølv (s. 71–72). Med ein større skule og to mindre gir denne strukturen avgrensa fagmiljø ved dei minste skulane og redusere fleksibilitet i ressursdisponeringa. Fjaler har hatt stor turnover på leiarsida i skulane dei siste åra og vil nok kunne få til meir framover.

9.1.5 Utgreiing av kostnadsreduksjon på Dingemoen

Kommunestyre gjorde i sitt vedtak at *utgreiing skal også innehalde utgreiing av kostnadsreduksjoner på Dingemoen*.

Dingemoen Skule er den skule som har hatt størst reduksjon i kostnadane og forklarar mykje av kostnadsreduksjon vi har fått til. Vi har teke i bruk ein budsjettmodell som sikrar at vi har ressursar i samsvar med behovet/tal elevar og klassar og at dette er likt mellom skulane. Dersom vi skal redusere kostnadane ytterlegare for ein av skulane – Dingemoen, vil det påverke kvalitet på undervisninga og arbeidssituasjonen til lærarane.

Vi meiner at tiltak utover struktur må handsamast likt på tvers av skulane og at einskildskular ikkje må handsamast særskilt. Vi gjer merksam på at kostnaden pr elev på Dingemoen er 129 762 kr, ved Flekke 258 349 kr og på Våge 240 598 kr (2025-tal).

Konklusjon

Det er eit potensial til å hente ut meir effektiviseringsgevinstar, men det føreset omstillingsarbeid slik som vist til i våre eigen omstillingsrapport (jf kommunestyremøte 18.6.26) og AK sin rapport. Dette er noko som vi tek med i vidare arbeid med utvikling og omstilling og i arbeid med strategiplanen for oppvekst og strategiplanen for helse. I arbeid med innsparing og bruk av budsjettmodellar, må alle handsamast mest mogeleg likt.

10 Alternativ 1 – Flekke skule til Dingemoen skule

Konsekvensen av tiltaket vil vere skuledrifta ved Flekke opphøyrer og at elevane ved Flekke skule blir overført til Dingemoen skule.

10.1 Kapasitet

Dingemoen skule har god plass (maks 415, planlagt 365) og ville få 282 elever (239+43) til saman (2026/27). Etter oppdatert tal no ved skulestart er tala (246+44) = 290 (sjå denne rapporten Kap 7 s13).

Kommunedirektøren vurderer at plankapasitet viser det elevtalet vi kan ta imot innanfor arealnormer for undervisningsareal inne. Det er uansett viktig at vi får organisert drifta på ein forsvarleg måte.

Elevtalsprognose viser at vi ikkje overstig nivå på 320 elevar om vi flyttar Flekke til Dale i tala fram mot 2040. Om behovet i framtida blir kraftig endra, er det opplyst at Dingemoen er konstruert for å kunne byggest på i høgda.

10.2 Investering

Det er ikkje behov for investeringar for å ta imot elevane frå Flekke. Dingemoen har tilsettrekkeleg areal, men det må utbetrast garderobar på lik linje med alternativ 0. Dette er ikkje ein konsekvens av fleire elevar, men at det er bygt med for lite areal til garderobar. Det vil måtte gjennomførast eige prosjekt der ein òg får vurder korleis dette kan løysast. Å bygge nye garderobar, dvs ikkje bruk av det indre arealet er kostnadsrekna til 12 mill kr.

Skole	Nybygg/påbygg			Ombygging/rehabilitering			Riving			Total
	Areal kvadratmeter	Pris /kvm	Kostnad	Areal kvadratmeter	Pris /kvm	Kostnad	Areal kvadratmeter	Pris /kvm	Kostnad	Kostnad
Dingemoen	200	kr 60 000	kr 12 000 000			kr -	0	kr 1 500	kr -	kr 12 000 000

Tabell 20 - Kostnader ved investeringar ved Dingemoen skole.

10.3 Kvalitet

Netto kvalitetseffekt er ikkje eintydig positiv eller negativ – han er i stor grad avhengig av gjennomføringa. Dei faglege gevinstane (større fagmiljø, betre ressursutnytting, meir spesialisering) er reelle og godt dokumenterte i litteraturen som rapporten viser til, men dei er potensielle, ikkje automatiske. Dei kortsiktige kvalitetsrisikoane (overgangsfase, personalusikkerheit, tapte lokal kontinuitet, reisebelastning, uavklart kapasitet) er derimot nokså sikre å inntreffe i ein viss grad.

Ei samling av elevar og lærarar ved Dingemoen legg grunnlag for teamorganisering, fagleg spesialisering og betre profesjonsutvikling enn det ein fådelt skule som Flekke kan tilby. Dette er viktig for å styrke mulighetene til framtidig rekruttering. Rapporten peikar på at små skular er meir sårbare når lærarar blir sjuke eller sluttar, medan større skular lettare kan tilby tilpassa opplæring fordi dei har fleire lærarar å spele på. Dingemoen har dessutan fagrom Flekke i dag heilt manglar – musikkrom, naturfagrom, kunst- og handverksrom (tresløyd, tekstil, keramikk), skulebibliotek og

eige naturfagrom med førebuingssareal – noko som gir eit breiare og meir likeverdig opplæringsstilbod.

Korleis kvaliteten blir påverka **har samanheng med kor godt ein klarar å gjennomføre endringa**. Agenda Kaupang peikar på 3 suksesskriteria.

1. Tydeleg involvering av tilsette
2. God planlegging og kompetansetiltak
3. Leiingsforankring ved mottakaraskulen

I tillegg ynskjer vi å nemne at positive haldningar og vilje hjå alle og ein kvar, er ein viktig faktor for å lykkast.

Nedanfor har vi lista opp nokre fordeler og ulemper. Lista er ikkje uttømmende.

Nokre fordelar for kvaliteten

- Styrka fagmiljø ved Dingemoen
- Fleire lærarar og elevar samla gir grunnlag for teamorganisering, fagleg spesialisering og betre profesjonsutvikling enn det ein fådelt skule som Flekke kan tilby.
- Tilsette får tilgang til breiare kollegial støtte og meir spesialiserte faggrupper.

Betre ressursutnytting

- Fleire lærarar og elevar samla gir grunnlag for teamorganisering, fagleg spesialisering og betre profesjonsutvikling enn det ein fådelt skule som Flekke kan tilby.

Meir stabil leiing og kompetanseutvikling

- Eit større fagmiljø kan gi rom for tydelegare pedagogisk leiing og meir systematisk kompetanseheving, dersom overgangen blir godt planlagt.

Nokre ulemper for kvaliteten

Tap av profesjonsfellesskap og lokal praksis

- Den kollektive kulturen og dei pedagogiske rutinane som er bygd opp ved Flekke over tid, kan ikkje vidareførast som heilskap. Dette representerer eit reelt tap av opparbeidd kvalitet, ikkje berre ei organisatorisk endring.

Flekke skule har over tid levert gode resultat og medverka til at Fjaler skulen kjem godt ut i kvalitative vurderingar og målingar. Skulen har òg vore viktig av omsyn til tilrettelegging for elevar i Fjaler som treng særskilt oppfølging. Sjukefråværet (det legemeldte) har i perioden 2019-2025 vore gjennomsnittleg 1,46% og lågast blant alle 20 tenesteyrøråda (dei som er målt) i Fjaler kommune. Snittet innan

undervisning (i Norge) er i same periode 5,41%. Dette vitnar om eit godt skulemiljø og arbeidsmiljø.

Overgangsrisiko og mellombels kvalitetsfall

Integrering av nye elevar, tilsette og praksisformer i eit felles fagmiljø kan gi mellombels fragmentering og svekka fagleg samanheng, særleg om det ikkje blir sett inn spesifikke tiltak for kunnskapsoverføring mellom skulane.

Krev tydeleg leiing gjennom overgangen – dersom dette ikkje følgjast godt opp, kan risikoen for kvalitetsfall vare lenger enn planlagt.

Personalmessig usikkerheit

Individuelle vurderingar av kven som følgjer elevane og kven som blir omplassert, kan skape usikkerheit om arbeidsstad, stillingsinnhald og stillingsstorleik. Dette kan i ein periode påverke motivasjon og arbeidsmiljø, med indirekte konsekvensar for undervisningskvaliteten.

Det er ein risiko for at erfarne, lokalt forankra tilsette vel å slutte heller enn å bli omplassert, noko som ville vere eit reelt kompetansetap for kommunen.

Vi har 49 tilsette pedagogar, dvs 20 i gruppa Adjunkt med krav om 4 år utdanning, og 29 adjunkt med tilleggsutdanning. For denne gruppa har det i åra 2021-25 vore ein turnover iflg KS sin statestikk på hhv 7,3 og 7,7%. Dette betyr at det sluttar 3-4 lærarar pr år.

I innsparingsprosessen har vi planlagt for at ingen tilsette skal miste jobben, men ein kan i ein periode få tilbod om anna relevant arbeid i kommunen (iht lov og avtaleverk).

Dersom kommunen sin økonomi blir såpass pressa (td endar på ROBEK) kan det vere vi må gjennomføre nedbemanning. Men, då må heile kommunen sjåast under eitt.

Konsekvensar for elevane knytt til reisetid og nærleik

Lengre skuleveg og meir skuleskyss for elevar frå Flekke-området, særleg krevjande for dei yngste. Dette kan påverke konsentrasjon, trivsel og fritid, og dermed indirekte læringsutbyttet.

Små skular gir tett oppfølging og nærleik som kan vere særleg viktig for sårbare elevar; dette blir svekka når elevtalet ved mottakaraskulen aukar.

Samla vurdering

Netto kvalitetseffekt er ikkje eintydig positiv eller negativ – han er i stor grad avhengig av gjennomføringa.

For at kvaliteten ikkje skal bli påverka føreset kommunedirektøren at oppvekstområde ved eventuell nedlegging må få:

- ein konkret plan for involvering av tilsette og overføring av kompetanse/praksis,
- ei eksplisitt vurdering av barnets beste for kvar berørte elevgruppe.

10.4 Folkehelse/skuleveg

Det er 7,4 kilometer mellom Flekke skule og Dingemoen skule. Høsten 2025 hadde 69 elever i Dingemoen skule skyss. Det vil totalt bli 105 elever med rett til skuleskyss (s74).

Det er pr idag 4 nye barn som startar frå skuleåret 2027/28. Den eleven som har lengst avstand vil ha 18 km til Dingemoen av øvrige elevar, dvs dei som er i 1-5 klasse i dag er snitt avstand til Dingemoen 16,5 km. Det er ein elev i 5 trinn som vil få reiseavstand på 31,6 km. Dei berekna reiseavstandane ligg innanfor dei grensene som er lagt til grunn i vurderinga, men enkelte elevar vil få ein vesentleg lengre skulekvardag.

Når det gjelder reisetid vil det vere viktig å finne løysingar som gir minst mogeleg tid frå dør til dør.

Kjelde til vurdering av avstandar: Skyss (Vestland fylkeskommune)

For elevar som ikkje har skyss i dag og som har lengre veg enn 2 km å gå, vil desse i snitt få om lag same tid frå dør til dør. Dette vil variere med ver, alder og årstid.

Det er som vist til i AK kap 2.4 ingen reglar for kor lang skuleskyss man kan pålegge elevane. Maksimal reisetid avhenger av alderen til elevane og det vil vere ei utfordring for dei elevane som har lengst reiseveg.

Kommunedirektøren legg til grunn at det blir gjort grundige vurdering og utarbeiding av plan for korleis dette skal løysast. Halde fram med muligheiten for å søkje om å kunne gå på Sande skule er eitt alternativ. Til orientering så kostar kjøp av skuleplass om lag 116 000 kroner pr år (standardsats for alle kommunane i Vestland Fylke). For skuleåret 2026/27 betalar vi for 6 plassar, dvs om lag 0,7 mill kr pr år. Gjer merksam på at kostnadane ved ein elev ved Flekke skule er om lag kr 258 000 kr.

Når det gjelder skuleveg så kan og endringa ha positiv verknad for elevar som i dag har lang skuleveg, trafikkert, utan fortau og gatelys og som vil får ein betre og tryggare transport til skulen. Dette gjeld til dømes elevar utan rett til skuleskyss som bur på opptil 4 km frå skulen.

10.5 Samfunnsutvikling

Endringar i skulestrukturen er blant dei mest inngripande tiltaka ein kommune kan gjennomføre, fordi skulen har ein funksjon i samfunnet som går utover sjølve

opplæringstilbodet. Skulen er både ei teneste, ein arbeidsplass og ein sentral sosial og kulturell møteplass i lokalsamfunnet. Endringar i struktur kan derfor over tid påverke busetnadsmønster, lokal identitet og bruk av kommunens øvrige tilbod, både i kommunesenteret og i dei berørte skulekrinsane.

Guddal skule vart lagt ned frå skuleåret 2016/27. Folketalet i grunnkretsen Guddal-Heggheim, har ikkje endre seg i stor grad. 2017 var 112 innbyggjarar og i 2026 var det òg 112 innbyggjarar. I Hovlandsdal har talet endra seg frå 47 til 40, ein nedgang på 7.

Det er umogleg å finne ut om det hadde vore annleis om skulen framleis hadde vore i drift.

For Flekke så er det vanskeleg å konkludere utifrå tala i SSB. UWC blir folkeregistrert i månadane etter at dei kjem og blir meldt ut når dei reiser. I 2017 var 486 innbyggjarar i Flekke-Espedal grunnkrins. 2026 var talet 558. Dvs ein auke på 72. I 2020 auka talet frå 463 til 533, dvs ein auke på 70. Siste tre åra har talet vore stabilt.

Kjelde: SSB 04317.

Dette synleggjer at det er vanskeleg å fastslå kva effektar det kan få. Men, at det kan ha ein negativ effekt, er mogeleg.

For Flekke vil ei eventuell nedlegging av skulen innebære ei endring i lokalsamfunnets struktur. Skulen fungerer i dag som ein av få institusjonar som samlar barn, foreldre og tilsette i kvardagen, og bidreg til sosial tilhøyrse, lokal aktivitet og identitet. Erfaringar frå andre stader med skulenedleggingar viser at slike prosessar ofte blir opplevd som krevjande for lokalsamfunnet, og kan skape uro for staden si vidare utvikling. Skulen er også ein del av staden sin sosiale infrastruktur, og bortfall av denne funksjonen kan påverke frivilligheit, møteplassar og lokal mobilisering. Det er i dag over 10 ulike lag og organisasjonar som nyttar skulebygget til fysisk aktivitet og møteverksemd.

Vi har ikkje oversikt som viser deltaking på aktivitetar, men når det gjelder aktivitetar knytt til idrettslag (fotball og handball), så er dei mange frå Flekke krins som er aktive òg med på aktivitetar i kommunesenteret.

Det er vanskeleg å vurdere lokale konsekvensar av ei eventuell skulenedlegging. For barnefamiliar kan redusert nærleik til skule påverke opplevinga av bukvalitet og tilknytning til staden, noko som over tid kan ha betydning for rekruttering av nye innbyggjarar til det aktuelle området. I tillegg vil bortfall av arbeidsplassar og dagleg aktivitet knytt til skulen kunne påverke lokal verdiskaping og bruk av fellesarenaer i Flekke. For å få betre vurderingsgrunnlag, krevst lokalsamfunnsanalyse som mellom kartlegg tal nye bustader, tal arbeidsplassar, konsekvensar for anna infrastruktur som butikk, rekruttering, bulystanalyse, med vidare.

Forutan kommunen sjølv ligg dei to største verksemdene i Fjaler, UWC og Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter AS 2,3 km frå Flekke skule. Halvdelen av dei tilsette ved skulen bur på Haugland og med omsyn til rekruttering og integrering i lokalsamfunnet, spelar Flekke skule ei viktig rolle. Dette gjelder òg for andre verksemdar i Flekke, som er avhengig av å få kompetanse utanfrå.

Det betyr at av omsyn til næringsliv og tilflytting, kan endringa ha verknad.

Ved eventuell endring av skulestruktur vil det vere viktig å jobbe med tiltak som kan redusere negative effektar som vi meiner kan er viktig å ta med i vidare arbeid

Døme på dette kan vere å jobbe med tema som:

- Trygge og gode nærmiljø
- Alternativ bruk av skulebygget – til dømes til næringsaktivitetar, samlingsstad for lag og organisasjonar, eller anna kommunal frivillig verksemd. Tiltak for å halde oppe aktivitetar.
- Tidleg og tydeleg informasjon – ved endringar
- God dialog med lokalsamfunnet

10.6 Vurdering av barnets beste

Ei full nedlegging av Flekke skule inneber at alle elevar blir overførte til Dingemoen skule. Dette er ei omfattande endring som vil påverke barna sin daglege kvardag, både fagleg og sosialt, og må difor vurderast opp mot omsynet til tryggleik, utvikling og tilhøyrslø.

Agenda Kaupang peiker på dette i sin rapport (s 75) og viser til følgjande **ulempar (oppsummert)**:

Brot med etablerte rammer: Skulebyte utanfor naturlege overgangar bryt kjende rutinar og relasjonar til medelevar og vaksne.

Utryggleik i overgangsfasen: Særleg yngre elevar og elevar med behov for særskild tilrettelegging kan oppleve utryggleik og treng tett oppfølging.

Risiko for redusert trivsel og læringsutbytte: I overgangsperioden kan trivsel, konsentrasjon og læringsutbytte bli negativt påverka.

Oppløysing av sosiale strukturar: Samla overføring kan bryte opp etablerte fellesskap dersom elevane blir fordelte på nye klassar eller grupper, og krev at nye relasjonar må byggjast.

Meir komplekst miljø: Ein større skule gir fleire elevar og eit meir uoversiktleg sosialt landskap, noko som særleg kan vere krevjande for yngre elevar som treng struktur og tydelege rammer.

Størst konsekvens for dagens elevar: Effekten råkar først og fremst dei som går på Flekke skule i dag – ikkje framtidige elevkull.

I tillegg kan nemnast at totaliteten for dei som får ein lengre skulekvardag, som følgje av lengre reisetid, vil påverke den totale livskvalitet og kva ein mellom anna får tid til å vere med på sosiale aktivitetar på fritida.

Det er òg i rapporten vist til nokre **fordelar** ved nedlegging:

Breiare fagmiljø: Ein større skule gir tilgang til fleire ressursar og eit breiare fagmiljø.

Betre tilpassa opplæring: Dette kan gi betre føresetnadar for tilpassa opplæring, særleg for elevar med behov for spesialisert oppfølging.

Meir variasjon i undervisning: Fleire læringsarenaer og meir variert undervisningstilbod kan styrkje motivasjon og læring for enkelte.

Fleire moglege relasjonar: Eit større elevmiljø kan opne for nye relasjonar, noko som kan vere positivt for elevar som ikkje har funne seg til rette i dagens miljø. For elevane i Flekke som er med på fritidsaktivetar i dag – ilag med elevar ved Dingemoen kan det gje ein større sosial arena.

Vurdering

Ei full nedlegging av Flekke skule, med overføring av alle elevar til Dingemoen skule, vil påverke elevane både fagleg og sosialt. For mange elevar, særleg dei yngste og elevar med behov for særskild tilrettelegging, kan overgangen i ein periode skape utryggleik og påverke trivsel, konsentrasjon og læringsutbytte, ettersom kjende rutinar, fysisk miljø og sosiale relasjonar blir broten opp. Samtidig kan ein større skule gi tilgang til eit breiare fagmiljø, meir variert undervisning og fleire ressursar, noko som kan styrkje tilpassa opplæring og gi nye sosiale moglegheiter for enkelte.

Dei aller fleste barn er godt rusta til å handtere ei slik endring. Konsekvensane vil likevel variere mellom elevar, og utfallet vil i stor grad avhenge av korleis overgangen blir gjennomført – at relasjonar blir ivaretekne, at tilpassinga skjer gradvis, og at den enkelte eleven får nødvendig oppfølging. Endringa vil i hovudsak gjelde dagens elevar ved Flekke skule, medan framtidige elevkull vil starte skuleløpet direkte innanfor den nye strukturen.

Nokre av utfordringar for Fjaler kommune er at økonomien er hardt pressa og om ikkje strukturen blir endra, kan det gje eit svekka skuletilbod som samla redusere kvaliteten på skuletilbodet og har negativ effekt for elevane og særleg for elevar med behov for individuell tilrettelagt opplæring.

10.7 Årlege utgifter

Tiltaket gir ein berekna årleg driftsinnsparing på 5,9 mill. kroner på kort sikt og ein berekna langsiktig effekt på 10,9 mill. kroner dersom framtidig investering i Flekke elles ville blitt gjennomført.

Desse fordeler seg slik:

Innsparing Flekke skule ift alternativ 0	Kroner	Forklaring
202 Undervisning	4 886 322	Undervisning og alle tilsette, pedagogiske fellesutgifter og refusjonar mellom kommunane
215 SFO	- 83 827	Løn, drift og eigenbetaling
222 drift av skulebygg	1 286 493	Utgifter til dagleg drift og vedlikehald av bygga (FDV) og avskr.
223 skuleskyss	- 176 263	Kommunens eigenandel, fylket betaler mesteparten
Innsparing kort sikt	5 912 725	
Kapitalkostnader 98 mill	4 992 731	Renter og avdrag
Innsparing lang sikt	10 905 456	

Forklaring til innsparingane

Undervisning: –4,9 mill. kroner. Flekke skule hadde eit høgare kostnadsnivå per elev enn Dingemoen skule i 2025. Dette følgjer eit generelt mønster der små skular har høgare kostnader per elev, blant annet på grunn av mindre fleksibilitet i organisering av undervisninga og behov for minimumsbemanning uavhengig av elevtal. Når elevane samlast på ein større skule, kan lærarressursane utnyttast meir effektivt.

Bygningsdrift: –1,3 mill. kroner. Skuledrifta ved Flekke skule opphøyrer, og kommunen har dermed ikkje lenger løypande kostnader til forvaltning, drift og vedlikehald (energi, reinhald, ordinært vedlikehald) av bygningsmassen.

Kapitalkostnader: –5 mill. kroner per år. Dette er den største enkeltposten. Effekten kommer av at kommunen unngår ei berekna framtidig investering/modernisering av Flekke skule, anslått til om lag 98,8 mill. kroner. Framtidige rente- og avdragskostnader knytt til denne investeringa bortfaller – ein varig effekt som gir betydeleg økonomisk handlingsrom.

Forklaring til auke i kostnader for skuleskyss og SFO

Skuleskyss: +0,2 mill. kroner. Alle elevar frå Flekke vil ha rett til skyss; auken reflekterer lengre reiseavstandar og fleire elevar med skyssbehov. Auken er likevel liten sett opp mot dei samla innsparingane.

SFO: +0,083 mill. kroner. Kostnaden per elev i SFO var noko høgare ved Dingemoen enn ved Flekke i 2025. Endringa er marginal og påverkar totalbildet i liten grad.

10.8 Konklusjon

Kommunedirektøren vurderer det er kapasitet ved Dingemoen skule til å ta imot elevane ved Flekke skule.

Det er eit behov for å gjere investeringar på Dingemoen, men det er uavhengig av ei strukturendring.

Endringar i kvalitet er ikkje eintydig negativ eller positiv og er i stor grad avhengig av gjennomføringa.

Det vil bli ein auke i talet elevar som treng skuleskyss og fleire vil få lengre reiseveg. Dei berekna reiseavstandane ligg innanfor dei grensene som er lagt til grunn i vurderinga, men enkelte elevar vil få ein vesentleg lengre skulekvardag. Samarbeid med Vestland fylke for å legge opp reiserute blir viktig.

Endring i skulestruktur er djuptgripande tiltak og vil opplevast som negativt for innbyggjarane. Det kan vere ei utfordring for verksemdar med omsyn til rekruttering. Det vil vere viktig å jobbe med avbøtande tiltak. For barna er det både ulemper og fordelar og god planlegging og involvering ved endring blir viktig.

Tiltaket gir samla reduksjon i driftsutgiftene på 5,9 mill kr og 10,9 mill kr på lang sikt dersom vi tek med behov for investeringar og i tråd med vedtekne prinsipp for innsparing.

Alternativ 1 - nedlegging av Flekke skule og overføring til Dingemoen skule, er det som gir størst økonomisk gevinst, men har òg størst verknad for folkehelse/skyss og for lokalsamfunnet. Endringa føreset mellom at det blir gjennomført god planlegging, involvering av tilsette og leiingsforankring ved Dingemoen for å at ein skal kunne nå kvalitetsmessige fordelar og nå mål om ein berekraftig og framtidsretta skulestruktur.

Kommunedirektøren meiner at nedlegging av Flekke skule er mogeleg å gjennomføre og tilrår at alternativ 1 – nedlegging av Flekke skule og overføring til Dingemoen skule, vert sendt ut på høyring.

11 Flekke barnehage – konsekvensar om skulen blir lagt ned

(ref. s 77 i Agenda Kaupang sin rapport og kap 7.3 i dette dokumentet)

Ved Flekke skule er det etablert barnehage, og eininga er organisert som eit oppvekstsenter med samlokalisert drift av skule og barnehage. Utgreiinga som Agenda Kaupang har gjennomført, omfattar ikkje ei vurdering av barnehagestrukturen, og det er ikkje lagt til grunn endringar i barnehagetilbodet. Dette bør gjennomførast som eiga sak som tek omsyn til heile barnehagestrukturen i Fjaler kommune.

Barnehagen er ein liten eining (31 barn/39 plassar per 15.12.2025) og står uansett framfor eit oppgraderingsbehov, uavhengig av skulevedtaket. Berekna arealbehov er om lag 685 kvm, noko som gir ein investeringskostnad på 41,1 mill. kroner og årlege kapitalkostnader på 2,1 mill. kroner for ny barnehage.

	Nybygg/påbygg			
	Areal kvadratmeter	Pris /kvm	Kostnad	Kapital kostnader
Flekke bhg	685	kr 60 000	kr 41 100 000	kr 2 076 515

Personalfasilitetar er samlokaliserte med skulen i mellombelse løysingar, uteareal er delvis felles med skulens uteareal og soveareal for dei yngste barna ligg i direkte tilknyting til skulens undervisningsareal. Dette gir avgrensingar for både drift, kvalitet og tilpassing til dagens krav til barnehagedrift – uavhengig av kva som skjer med skulen.

Barnehagen er ein relativt liten eining. Per 15.12.2025 var det 31 barn med heiltidsplass, tilsvarande 39 plassar (barn 0–2 år telle to plassar hver). Storleiken gir avgrensa fleksibilitet i organiseringa av tilbodet, både pedagogisk og driftsmessig. Basert på Stavanger sitt romprogram, skalert ned til ein barnehage med tre avdelingar, er brutto arealbehov berekna til om lag 685 kvm.

Med ein kvadratmeterpris på 60 000 kroner gir dette ein investeringskostnad på 41,1 mill. kroner for ny barnehage tilpassa dagens krav, og årlege kapitalkostnader på 2,1 mill. kroner.

Det er viktig å understreke at behovet for ny barnehage i hovudsak er drevet av eksisterande forhold ved bygningsmessig standard og funksjonalitet – ikkje av endringar i skulestrukturen.

Ei eventuell nedlegging av skulen reduserer ikkje dette behovet, men endrar forutsetningane for korleis det løysast.

Sjølv med denne investeringa viser berekningane at ei skulenedlegging kombinert med ny barnehage gir lågare samla kostnader for kommunen enn vidareføring av dagens struktur

I tillegg til investeringskostnaden for ny barnehage må det påreknast enkelte eingongskostnader til riving av eksisterande bygningsmasse og investering i inventar/utstyr; desse påverkar ikkje dei langsiktige driftsberekningane, men vil ha betydning for investeringsnivået i gjennomføringsfasen.

Ei total renovering, med kvadratmeterpris på 50 000 kroner slik det er definert i rapporten frå Byggsanalyse AS, kan derfor vere eit reelt alternativ som reduserer investeringsbehovet noko, men det vil uansett innebære ei kostbar og omfattande renovering for langsiktig drift av Flekke barnehage.

Samla vurderer kommunedirektøren at barnehagen på Flekke uansett står framfor eit oppgraderingsbehov, og at ei eventuell skulenedlegging ikkje forsterkar dette behovet, men endrar korleis det bør løysast. Sjølv med investering i ny barnehage vil den samla økonomiske belastninga for kommunen vere lågare enn ved vidareføring av dagens skulestruktur.

Utfordringar og løysingar for barnhage er enten nybygg og eller rehabilitering og utfall av sak om skulestruktur avgjer korleis ein skal jobbe vidare med framtidig løysing for barnehagen i Flekke.

12 Alternativ 2 – Flekke skule trinn 5-7 til Dingemoen skule

(Kap 6.4 i Agenda Kaupang sin rapport s. 79-84)

Alternativ 2 medfører at skuledrifta ved Flekke skule opphøyrer på mellomtrinnet og at elevane ved 5-7 klasse overførast til Dingemoen skule.

12.1 Kapasitet

Dingemoen skule har tilstrekkeleg kapasitet til å ta imot 5. til 7. trinnselevane frå Flekke skule. Dingemoen skule har en maksimal kapasitet på 415 elever og en plankapasitet på 365 elever. Det var forventa 239 elever på Dingemoen hausten 2026 og 14 elever på Flekke på mellomtrinnet, noko som gir til saman 253 elever på

Dingemoen skule. Etter oppdatert tal no ved skulestart er tala (246+15) = 261 (sjå denne rapporten Kap 7 s13).

12.2 Investeringar

Det trengst ingen ekstra investeringar for å motta mellomtrinnselevane ved Flekke skule.

Dingemoen skule har tilstrekkeleg areal, men det må utbetrast garderobar på lik linje som i alternativ 0. Dette er ikkje ein konsekvens av fleire elevar, men at det er bygt med for lite areal til garderobar. Det vil måtte gjennomførast eige prosjekt der ein òg får vurdert korleis dette kan løysast. Å bygge nye garderobar, dvs ikkje bruk av det indre arealet er kostnadsrekna til 12 mill kr.

Skole	Nybygg/påbygg			Ombygging/rehabilitering			Riving			Total
	Areal kvadratmeter	Pris /kvm	Kostnad	Areal kvadratmeter	Pris /kvm	Kostnad	Areal kvadratmeter	Pris /kvm	Kostnad	Kostnad
Dingemoen	200	kr 60 000	kr 12 000 000			kr -	0	kr 1 500	kr -	kr 12 000 000

Tabell 20 - Kostnader ved investeringar ved Dingemoen skule.

12.3 Kvalitet og fagmiljø

Flekk skule vert redusert frå ein fullverdig barneskule (1.–7. trinn) til ei lita eining med berre dei fire yngste trinna. Dette svekkjer grunnlaget for fagleg samarbeid og gjer skulen meir sårbar, samstundes som den samanhengande skuleløypa frå 1. til 7. trinn vert broten. Reduksjon av fagmiljøet kan ha verknad for moglegheitene for rekruttering. Ved Dingemoen styrkjer tiltaket elevgrunnlaget på mellomtrinnet, noko som gir betre grunnlag for teamorganisering og fagleg spesialisering, men krev også her som god leiing og involvering av tilsette og elevar i overgangsfasen. Barnehagen på Flekke vert påverka indirekte – samarbeidet med skulen endrar karakter, utan at det blir vurdert til å vere eintydig ei styrking eller svekking.

Som ved alternativ 1 er det viktig blir kvaliteten påverka av kor godt ein klarar å gjennomføre endringar.

Fordelane vil i ein viss grad kunne vere slik som skildra i alternativ 1

Ulempene vil vera at fagmiljø og arbeidsmiljøet blir svekka ved at det blir færre tilsette.

Overgangsrisiko og mellombels kvalitetsfall og usikkerheit for personalet vil ein kunne risikere, men noko mindre enn slik som det er skildra i alternativ 1.

Reisetid og nærleik vil vere ei utfordring også her for dei elevane som har lengst reiseveg, men det er ingen elevar, som etter det som er opplyst, får lengre reisetid enn det som er anbefalt 60 min.

Samla vurdering

Netto kvalitetseffekt er ikkje eintydig positiv eller negativ – han er i stor grad avhengig av gjennomføringa. Den er noko mindre enn ved alternativ 1.

For at kvaliteten ikkje skal bli påverka føreset kommunedirektøren at oppvekstområde ved eventuell nedlegging må få:

- ein konkret plan for involvering av tilsette og overføring av kompetanse/praksis,
- ei eksplisitt vurdering av barnets beste for kvar berørt elevgruppe.

12.4 Folkehelse og skuleskyss

Avstanden Flekke–Dingemoen er 7,4 km. Talet på elevar med rett til skuleskyss aukar frå 69 til 83 (mot 105 i alternativ 1). Rapporten legg til grunn maksimalt 60 minutt samla reisetid for mellomtrinnslevar (50 min buss + 10 min gonge/venting), og ingen elevar på 5.–7. trinn overstig denne grensa. For enkelte elevar som må krysse og gå langs med hovudveg og trafikkert veg (Flekke-Haugland), m.a. ved UWC, vil overgang til transport også gi ein tryggare skuleveg enn dagens situasjon med gange langs trafikkert veg utan lys og fortau. Tidsbruken til og frå skulen vil for enkelte kunne bli redusert.

12.5 Samfunnsutvikling

Konsekvensane for lokalsamfunnet på Flekke er meir avgrensa enn ved full nedlegging slik som i alternativ 1, fordi skulen framleis finst som møteplass for dei yngste barna og familiane deira. Samstundes vert aktiviteten redusert, og tilknytninga til Flekke som skulekrins vert svakare for familiar med barn på mellomtrinnet. Rapporten skildrar dette som ei gradvis dreining mot kommunesenteret, ikkje eit brot.

12.6 Barnets beste

Tiltaket gir ulikt utslag: mellomtrinnslevene opplever eit skulebyte utanfor dei vanlege overgangane, men får tilgang til eit større fagleg og sosialt miljø. Dei som er med på aktivitetar i Dale får dermed ein meir samanhengande sosial arena – skule og fritid. Dei yngste held fram med eit lokalt og oversiktleg tilbod, men elevmiljøet på Flekke vert mindre og mindre aldersblanda enn i dag. Belastning ved skyss for dei som er lengst vekk vil auke. Sjølv om tala som Agenda Kaupang tilseier at det let seg gjennomføre innanfor tal andre har brukt, så vil det vere ei auka belastning. Vi viser til dei same vurderingane som er gjort i alternativ 1 – kap 10.6

Vurdering

Ei avgrensa endring ved Flekke skule der 5-7 trinnet blir flytta til Dale vil ha verknad for dei elevane dei gjeld. Overgangen i ein periode skape utryggleik og påverke trivsel, konsentrasjon og læringsutbytte, ettersom kjende rutinar, fysisk miljø og sosiale relasjonar blir broten opp. Samtidig kan ein større skule gi tilgang til eit breiare fagmiljø, meir variert undervisning og flere ressursar, noko som kan styrkje tilpassa opplæring og gi nye sosiale moglegheiter for enkelte.

Dei aller fleste barn er godt rusta til å handtere ei slik endring. Konsekvensane vil likevel variere mellom elevar, og utfallet vil i stor grad avhenge av korleis

overgangen blir gjennomført – at relasjonar blir ivaretekne, at tilpassinga skjer gradvis, og at den enkelte eleven får nødvendig oppfølging. Endringa vil i hovudsak gjelde dagens elevar ved Flekke skule, medan framtidige elevkull vil starte skuleløpet direkte innanfor den nye strukturen.

Nokre av utfordringar for Fjaler kommune er at økonomien er hardt pressa og om ikkje strukturen blir endra, kan det gje eit svekka skuletilbod som samla redusere kvaliteten på skuletilbodet og har negativ effekt for elevane og særleg for elevar med behov for individuell tilrettelagt opplæring.

I høyringsfasen er det lagt opp til elevmedverknad, noko som er viktig å få kunne gjere endeleg vurdering av barnets beste.

12.7 Årlege utgifter

Tiltaket gir ein samla reduksjon i utgiftene på 3 mill kr.

Den kortsiktige innsparinga er berekna å vere 2,3 mill. kroner og den langsiktige innsparinga på 3 mill. kroner

Desse fordelar seg slik:

Innsparing Flekke skule ift alternativ 0		
202 Undervisning	2 185 986	Undervisning og alle tilsette, pedagogiske fellesutgifter og refusjonar mellom kommunane
215 SFO	-	
222 drift av skulebygg	181 999	Utgifter til dagleg drift og vedlikehald av bygga (FDV) og avskr.
223 skuleskyss	- 93 316	Kommunens eigenandel, fylket betaler mesteparten
Innsparing kort sikt	2 274 669	
Kapitalkostnader 84,8 mill	706 318	Renter og avdrag
Innsparing lang sikt	2 980 987	

Forklaring til innsparingane

Undervisning: -2,19 mill. kroner. Flekke skule hadde eit høgare kostnadsnivå per elev enn Dingemoen skule i 2025. Dette følgjer eit generelt mønster der små skular har høgare kostnader per elev, blant annet på grunn av mindre fleksibilitet i organisering av undervisninga og behov for minimumsbemanning uavhengig av elevtal. Når elevane samlast på ein større skule, kan lærarressursane utnyttast meir effektivt.

SFO: 0. kroner. Ingen endring. Dette skyldast at småtrinnet framleis blir drive ved Flekke, og at endringane i elevgrunnlaget i liten grad verkar inn på det samla SFO-tilbodet

Bygningsdrift: -,18 mill. kroner. Reduksjonen er avgrensa i og med at skuledrifta vert halde fram for 1-4 trinnet. Redusert aktivitet gir noko lågare driftskostnader som er løypande kostnader til forvaltning, drift og vedlikehald (energi, reinhald, ordinært vedlikehald) av bygningsmassen.

Kapitalkostnader: -0,7 mill. kroner per år. Effekten skyldast at investeringsbehovet ved Flekke skule blir noko redusert når skulen ikkje lengre skal dimensjonerast for full drift (1-7 trinn). Investeringar går frå om lag 98,8 mill. kroner til 84,8 mill og

kapitalkostnadane frå 5 mill til 4,3 mill kr. Det betyr at kostnadane ved investeringar ikkje fell bort slik den gjer ved alternativ 1 – nedlegging av Flekke skule.

Ift til alternativ 0 å ikkje legge ned så vil dette bli negativt i og med at investeringar må gjerast på 84,8 mill kr noko som gir 4,2 mill kr i kapitalkostnader = 1,9 mill kr i kostnadsauke samanlikna med dagens drift.

Forklaring til auke i kostnader for skuleskyss

Skuleskyss: +0,09 mill. kroner. Alle elevar frå Flekke vil ha rett til skyss; auken reflekterer lengre reiseavstandar og fleire elevar med skyssbehov. Auken er likevel liten sett opp mot dei samla innsparingane.

12.8 Konklusjon

Kommunedirektøren vurderer det er kapasitet ved Dingemoen skule til å ta imot elevane ved Flekke skule.

Det er eit behov for å gjere investeringar på Dingemoen, men det er uavhengig av ei strukturendring.

Endringar i kvalitet er ikkje eintydig negativ eller positiv og er i stor grad avhengig av gjennomføringa. Konsekvensane er vurdert som noko mindre enn ved alternativ 1.

Det vil bli auke i elevar som treng skuleskyss og fleire vil få lengre reiseveg, men førre enn ved alternativ 1. Reiseveg er innanfor anbefalte grenseverdiar, men vil opplevast som ei negativ belastning for dei som har lengst veg. Samarbeid med Vestland fylke for å legge opp reiserute blir viktig.

Endring i skulestruktur er djuptgripande tiltak og vil opplevast som negativt for innbyggjarane. Flytting av mellomtrinnet betyr at skulen blir oppretthald og dermed også funksjon som samlingspunkt og møteplass. Konsekvensane blir vurder til å vere små og mindre enn ved alternativ 1.

For barna er det både ulemper og fordelar og god planlegging og involvering ved endring blir viktig.

Alternativ 2 gir 2,3 mill. kroner i kortsiktig innsparing. Den berekna langsiktige effekten er 3 mill. kroner før ein tek omsyn til at investeringsbehovet ved Flekke framleis står att. Samanlikna med dagens struktur kan dette gi ein netto kostnadsauke i kapitalkostnader på om lag 1,9 mill. kroner.

Kommunedirektøren tilrår ikkje alternativ 2 med å flytte 5-7 trinnet ved Flekke skule til Dingemoen. Tiltaket gir på sikt meirkostnader ved at det må gjerast investeringar ved Flekke skule.

13 Alternativ 3 – Våge skule trinn 8-10 til Dingemoen skule

(Kap 6.5 i Agenda Kaupang sin rapport s.84-90)

Alternativ 3 medfører at skuledrifta ved Våge skule opphøyrer på ungdomstrinnet og at elevane ved 8-10 klasse overførast til Dingemoen skule.

13.1 Kapasitet

Dingemoen skule har tilstrekkeleg kapasitet til å ta imot ungdomstrinnet frå Våge skule. Dingemoen skule har ein plankapasitet på 365 elever. Det var forventet 239 elever på Dingemoen hausten 2026 og 12 elever på Våge skule på ungdomstrinnet, noko som gir til saman 251 elever på Dingemoen skule dersom dette skulle bli en realitet. Elevtalet ved Dingemoen skule 2025/26 var 256. Oppdaterte tal ved skulestart viser at vi har 246 elevar ved Dingemoen og 11 elevar på Våge, totalt 257.

13.2 Investeringar

Det trengst ingen ekstra investeringar ved Dingemoen utover dei 12 mill. kr til garderober, som er likt uavhengig av kva strukturalternativ som vert valt. Dette er ikkje ein konsekvens av fleire elevar, men at det er bygt med for lite areal til garderober. Det vil måtte gjennomførast eige prosjekt der ein òg får vurder korleis dette kan løysast. Å bygge nye garderober, dvs ikkje bruk av det indre arealet er kostnadsrekna til 12 mill kr.

Skole	Nybygg/påbygg			Ombygging/rehabilitering			Riving			Total
	Areal kvadratmeter	Pris /kvm	Kostnad	Areal kvadratmeter	Pris /kvm	Kostnad	Areal kvadratmeter	Pris /kvm	Kostnad	Kostnad
Dingemoen	200	kr 60 000	kr 12 000 000			kr -	0	kr 1 500	kr -	kr 12 000 000

Tabell 20 - Kostnader ved investeringar ved Dingemoen skule.

13.3 Kvalitet

Våge skule vert redusert til ein barneskule, og mister ungdomssteget som del av sitt fagmiljø, fleksibilitet og dermed breidda og ein viktig del av det faglege oppdraget. Ved Dingemoen styrkjer tiltaket ungdomstrinnet gjennom fleire faglærarar, tilgang til spesialrom og eit breiare fagleg tilbod, noko rapporten vurderer positivt for kvalitet og rekruttering. Samstundes går kombinasjonen av barne- og ungdomssteg ved Våge – som har gitt kontinuitet og nærleik til lokalmiljøet – tapt.

Å kome til ein større skule, med større breidde i det faglege og sosiale miljøet, vil kunne vere positivt for elevane.

Tiltaket påverkar også den pedagogiske kontinuitet ved Våge i og med at ein mister samanhengen mellom barnetrinnet og ungdomstrinnet.

For barnetrinnet ved Våge kan endringa få både positive og negative verknader. Skulen kan få eit tydelegare oppdrag som barneskule, og ressursane kan i større grad rettes mot de yngste elevane. Samtidig mister skulen dei eldste elevane som en del av skulemiljøet. Om ein flytter ungdomstrinnet vil Våge bli redusert frå 8-15 elevar i ungdomstrinnet 2026-2035 og vere redusert til ein skule med 27-35. Det redusere aldersspennet, rollemodellfunksjonen og noe av den sosiale dynamikken som følger av å være en 1–10-skule.

Tilsvarande som ved alternativ 1 og 2 vil kvaliteten bli påverka av kor godt ein klarar å gjennomføre endringa.

Korleis kvaliteten blir påverka **har samanheng med kor godt ein klarar å gjennomføre endringa**. Agenda Kaupang peikar på 3 suksesskriteria.

1. Tydeleg involvering av tilsette
2. God planlegging og kompetansetiltak
3. Leiingsforankring ved mottakaraskulen

I tillegg ynskjer vi å nemne at positive haldningar og vilje hjå alle og ein kvar, er ein viktig faktor for å lykkast.

Nedanfor har vi lista opp nokre fordeler og ulemper. Lista er ikkje uttømmende.

Nokre fordelar for kvaliteten

- Styrka fagmiljø ved Dingemoen
- Fleire lærarar og elevar samla gir grunnlag for teamorganisering, fagleg spesialisering og betre profesjonsutvikling enn det ein fådelt skule som Våge kan tilby.
- Tilsette får tilgang til breiare kollegial støtte og meir spesialiserte faggrupper, men i og med at det er lite tal elevar, vil det antakeleg ha ubetydeleg effekt.

Betre ressursutnytting

- Fleire lærarar og elevar samla gir grunnlag for teamorganisering, fagleg spesialisering og betre profesjonsutvikling enn det ein fådelt skule som Våge kan tilby.

Meir stabil leiing og kompetanseutvikling

- Eit større fagmiljø kan gi rom for tydelegare pedagogisk leiing og meir systematisk kompetanseheving, dersom overgangen blir godt planlagt.

Nokre ulemper for kvaliteten

Tap av profesjonsfellesskap og lokal praksis

- Færre tilsette og å ta vekk ungdomstrinnet kan påverke fagmiljø, fleksibilitet og den dynamikken som ein har ved å vere 1-10 skule.

Våge skule har over tid våre ein positiv bidragsytar til at Fjalerskulen kjem godt ut i kvalitativ vurdering og måling. Det er ikkje grunnlag for å tru at dette endrar seg, men som nemnt ovanfor så vil det kunne ha ei negativ verknad for kvaliteten

13.4 Folkehelse/skuleskyss

Avstanden mellom Våge skule og Dingemoen er betydeleg for alle elevane. Frå Våge skule er det 33 km, Hellevik til Dingemoen er det 26 km til Lammetun som ligg lengst unna 40,3 km.

AK legg til grunn ei reisetid på 45–60 minutt kvar veg for ungdomstrinnselevane. Dette er lenger enn i alternativ 1 og 2, men rapporten vurderer det som normalt handterbart, fordi eldre elevar (8.–10. trinn) toler lengre reisetid betre enn yngre elevar (45 min).

Sjølv om ungdomsskuleelevar generelt har betre føresetnader for å handtere lengre reiseveg enn yngre elevar, er dette en fase der både fagleg oppfølging og sosial deltaking er sentrale. Ein daglig reisebelastning i øvre sjikt kan derfor få betydning for motivasjon, energinivå og deltaking utanfor skuletida.

For nokre elevar som har lang til Våge skule i dag, kan skyss vege noko opp for ein farleg skuleveg, med trafikk, og utan lys og fortau.

13.5 Samfunnsutvikling

Konsekvensane for Våge og ytre Fjaler er knytte til at bygda mister ungdomssteget, som har hatt stor betydning for lokal identitet – ikkje minst historisk, sidan Våge tidlegare høyrde til Askvoll kommune. Barnetrinnet held fram som eit lokalt tilbod, men folkemøtet på Våge har peikt på at samfunnskonsekvensane av å flytte ungdomssteget kan vere store, blant anna for bulyst og rekruttering til industriutviklinga på Lutelandet/Bue. Bue Salmon AS som har etablert seg på Lutelandet har i sine presentasjonar eksplisitt nemnt at skulen og barnehage er viktig for at deira etablering. Dei reknar med å skape 30-40 nye arbeidsplassar i første fase av drifta.

AK peikar på at ei overføring av ungdomstrinnet til Dingemoen vil føre til at ungdommane i Våge-området får ein større del av kvardagen sin knytt til kommunesenteret. Dette kan styrke Dale som kommunalt tyngdepunkt, ved at fleire elevar og familiar får dagleg kontakt med skulemiljø, fritidstilbod og tenester der. For kommunen som heilheit kan dette trekke i retning av en meir samla og robust struktur for ungdomstrinnet.

Vidare er det nemnt at Våge skule har i dag meir aktivitet knytt til seg enn det som ofte er tilfellet ved mindre skular, og bygget og uteområdet har betydning utover sjølve undervisninga. Ved ei eventuell flytting av ungdomssteget vil denne aktiviteten ikkje forsvinne, men bli smalare og i større grad knytt til barnehage og barnetrinnet. Ytre deler av Fjaler har siste 10 åra hatt ein nedgang i innbyggjartalet frå 636 til 568 og ein reduksjon i tal elevar (2015 – 51 elevar, ein reduksjon på >10). Ei flytting av ungdomstrinnet vil ytterlegare forsterke den negative utviklinga.

Det er vanskeleg å konkludere eintydig på konsekvensane, då her er både fordelar og ulemper. Kva som er ynskjeleg sett frå elev og foreldreperspektiv, er viktig å få innspel på i høyringsrunda.

Det er fleire tilhøve som er vanskelege å vurdere, men som er viktig – oppfølging av rekrutteringa til Dale VGS. Dvs om tre år med lang reiseavstand til Dingemoen skule verkar inn på motivasjonen til å søkje på vidaregåande utdanning i Dale. Å oppretthalde Dale VGS er svært viktig for Fjaler kommune og for rekruttering av kompetanse og sikre tilflytting. Dette gjeld nok ikkje berre for Våge.

Tilliks med alternativ 1 og 2 er det ved eventuell endring av skulestruktur viktig å jobbe med tiltak som kan redusere negative effektar som vi meiner kan er viktig å ta med i vidare arbeid

Dette kan vere:

- Trygg og tilpassa skuleskyss
- Styrking av lokale tiltak ved dei attverande tilboda i skule og barnehage
- Oppfølging av møteplassar og fritidsaktivitetar lokalt.
- Vurdering av bruk av ledig kapasitet i skulebygget

13.6 Vurdering av barnets beste

AK skil mellom konsekvensane for ungdomstrinnselevane og for barnetrinnselevane. For ungdomstrinnet innebér tiltaket eit skulebyte, som for framtidige elevkull vil bli eit fast og forutsigbart skifte, men for dagens elevar vil vere eit brot med kjent miljø og etablerte relasjonar.

Overgangen til Dingemoen kan gje tilgang til eit større fagmiljø, meir fagspesialisering og eit breiare ungdomsmiljø, noko som kan styrke fagleg utvikling og sosial tilhøyrsløse for elevar som har behov for fleire jamaldrande. Samtidig kan overgangen vere krevjande for elevar som er avhengige av stabile relasjonar og tett oppfølging, og desse vil ha behov for særskilt tilrettelegging.

Reiseveg er eit sentralt moment: lang avstand til Dingemoen gir lengre skuledagar og økt avhengigheit av skyss, noko som kan påverke tid til leksearbeid, kvile og fritidsdeltaking, sjølv om ungdomsskuleelevar normalt har betre føresetnader for å tåle reisetid enn yngre elevar. For barnetrinnet held eit lokalt og oversiktleg tilbod med kortare reiseveg, men skulen mister aldersspennet som ligg i å vere ein 1.–10.-skule, og dei yngste får færre eldre elevar i skulemiljøet.

Vurdering

Konklusjonen er at barnets beste i stor grad avheng av korleis overgangen planleggast og gjennomførast – gode overgangsrutinar, kunnskapsoverføring om den enkelte elev, tidleg informasjon til foreldre/elevar, og særskilt oppfølging av sårbare elevar er sentrale føresetnader. Konsekvensane er mest direkte for elevar som allereie går på ungdomstrinnet ved Våge, medan framtidige elevkull i større grad vil oppleve ordninga som ein etablert struktur.

Tiltaket blir vurdert som mogeleg å gjennomføre, dersom det blir lagt opp til gode overgangsrutinar, tett samarbeid mellom skulane om overføring av informasjon om den enkelte elev, tidleg dialog med foreldre og elevar, og særskilt oppfølging av elevar med behov for stabilitet og tett vaksenkontakt.

For å kunne gjere endeleg vurderingar av barnets beste er det naudsynt med involvering i samband med høyringsrunda.

13.7 Årlege utgifter

Tiltaket gir en samla reduksjon i årlege utgifter på om lag 2,58 mill. kroner samanlikna med alternativ 0. Den kortsikte innsparinga er 2,1 mill kr og den langsiktige er kr 2,6 mill kr.

Innsparing Våge skule u.trinn ift alternativ 0	
202 Undervisning	2 105 891
215 SFO	-
222 drift av skulebygg	139 819
223 skuleskyss	- 207 369
Innsparing kort sikt	2 038 341
Kapitalkostnader 84,8 mill	542 622
Innsparing lang sikt	2 580 963

Forklaring til innsparingane

Undervisning: -2,1 mill. kroner. Våge skule hadde eit høgare kostnadsnivå per elev enn Dingemoen skule i 2025. Dette følgjer eit generelt mønster der små skular har høgare kostnader per elev, blant annet på grunn av mindre fleksibilitet i organisering av undervisninga og behov for minimumsbemanning uavhengig av elevtal. Når elevane samlast på ein større skule, kan lærarressursane utnyttast meir effektivt.

SFO: 0. kroner. Ikkje aktuelt for ungdomstrinnet

Bygningsdrift: -0,14 mill. kroner. Reduksjonen er avgrensa i og med at skuledrifta held fram for barnetrinnet. Redusert aktivitet gir noko lågare driftskostnader som er løypande kostnader til forvaltning, drift og vedlikehald (energi, reinhald, ordinært vedlikehald) av bygningsmassen.

Kapitalkostnader: -0,5 mill. kroner per år. At det ikkje synker meir, skuldast at det framleis må investerast i bygningsmassen. Investeringar er berekna å vere 30,2 mill. og kapitalkostnadane frå 1,527 mill kr. Ved å flytte ungdomstrinnet blir investeringane rekna til å vere 19,5 mill kr med kapitalkostnader på 1 mill kr. Dette gir ei netto innsparing på 0,5 mill.

Dette er etter Agenda Kaupang sine tal og sett opp slik at det blir likt samanlikningsgrunnlag mellom alternativa. Det er nemnt at det kan finnast alternativ løysingar som kan vurderast i ein oppgraderingsplan.

Forklaring til auke i kostnader for skuleskyss

Skuleskyss: +0,2 mill. kroner. Auke skuldast at elevar på ungdomstrinnet får lengre reiseveg til Dingemoen.

13.8 Konklusjon

Kommunedirektøren vurderer det er kapasitet ved Dingemoen skule til å ta imot elevane frå Våge skule.

Det er eit behov for å gjere investeringar på Dingemoen, men det er uavhengig av ei strukturendring.

Endringar i kvalitet er ikkje eintydig negativ eller positiv og er i stor grad avhengig av gjennomføringa. Ved flytting av ungdomstrinnet mister Våge kombinasjonen, fleksibilitet som ein har ved å vere barne- og ungdomsskule. Det blir høvesvis få elevar att ved skulen.

Avstanden frå Våge krins til Dale er betydeleg for alle elevane. Dei berekna reiseavstandane ligg innanfor dei grensene som er lagt til grunn i vurderinga, men enkelte elevar vil få ein vesentleg lengre skulekvardag. Samarbeid med Vestland fylke for å legge opp reiserute blir viktig. For nokre elevar som har lang til Våge skule i dag, kan skyss vege noko opp for ein farleg skuleveg, med trafikk, og utan lys og fortau.

Endring i skulestruktur er djuptgripande tiltak og vil opplevast som negativt for innbyggjarane. Flytting av ungdomstrinnet betyr at skulen blir oppretthald og dermed også funksjon som samlingspunkt og møteplass. Det har vore nedgang i innbyggjartal og elevtal dei siste åra. Flytting av ungdomstrinnet vil forsterke denne endringa. Ny aktivitet med nye arbeidsplassar gir von om at dette endrar eg og å oppretthalde skulen er vurdert som viktig for å vidare utvikling.

For barna er det både ulemper og fordelar og god planlegging og involvering ved endring blir viktig.

Tiltaket gir samla reduksjon i driftsutgiftene på 2,0 mill kr på kort sikt og 2,6 mill kr på lang sikt dersom vi tek med behov for investeringar og i tråd med vedtekne prinsipp for innsparing. Flytting av ungdomstrinnet reduserer investeringsbehov og kapitalkostnader med om lag 0,5 mill kr.

Kommunedirektøren tilrår ikkje alternativ 3 med å flytte ungdomstrinnet ved Våge skule til Dingemoen. Tiltaket er det som gir lågast økonomisk effekt, vil gje få elevar att ved skulen dersom det blir gjennomført. Å oppretthalde skulen blir vurdert til å vere viktig for å bidra til at ein får stabilisert og aller helst snudd den negativ folketalsutvikling og elevnedgangen.

14 Oppsummering

14.1 Vurdering av alternativa 1,2 og 3 sett opp mot å halde fram som i dag.

(s. 91 i AK sin rapport)

Alternativ 1 - Flekke skule til Dingemoen skule

Alternativ 2 – Flekke skule trinn 5-7 til Dingemoen skule

Alternativ 3 – Våge skule trinn 8-10 til Dingemoen skule

Økonomi

Alternativ 1 gir klart størst effekten. Alternativ 2 og 3 gir vesentleg mindre økonomisk effekt.

Innsparingar	Kort sikt	Lang sikt
Alt. 1 Flekke til Dingemoen	5 912 725	10 905 456
Alt. 2 Flekke skule 5-7 til Dingemoen	2 274 669	2 980 987
Alt. 3 Våge skule u.trinn	2 038 341	2 580 963
Alt 1 + Alt 3	7 951 066	13 486 419

Kort sikt = kostnader til undervisning, SFO, drift av skulebygg, skuleskyss

Lang sikt = kostnadane ovanfor samt kapitalkostnader som er rente og avdrag

Økonomien er den styrande faktoren som gjer til at Fjaler kommune må gjere tiltak. Kommunen har kostnader som er høgare enn inntektene og har ikkje evne til å ta opp lån dei neste 5 åra. For framtidig investeringar må Fjaler kommune prioritere både vedlikehald og nybygg innan helseområde som grunna auke i tal eldre vil ha behov for meir kapasitet. Kommunen har ikkje handlingsrom til å gjere investeringar der det er tilstrekkeleg kapasitet i eksisterande bygningsmasse.

Det er tilstrekkeleg kapasitet på Dingemoen til å ta imot elevar frå Flekke skule som er det alternativ som gir størst innsparingseffekt. Utifrå eit økonomiske perspektiv må det gjerast endringar. I følgjande kapittel vurderer vi om det er andre faktorar som er viktige å vurdere før det blir fatta endeleg vedtak.

Kvalitet

AK (s 91) viser til at alle alternativa inneber at fleire elevar vert samla ved Dingemoen skule. Dette legg grunnlag for større fagmiljø, meir fleksibel organisering og betre høve til spesialisering og samarbeid mellom lærarar. Røynsler frå andre kommunar syner at større skular ofte har betre føresetnader for profesjonsutvikling, rekruttering av kvalifiserte lærarar og systematisk kvalitetsarbeid.

Alternativ 1 gir størst endring i endring i organiseringa av grunnskulen og dermed også største effekt på fagmiljøa. Ved Dingemoen skule styrkast elevgrunnlaget og fagmiljøet på barnetrinnet, samtidig som heile fagmiljøet ved Flekke blir oppløyst. Tiltaket gir bedre forutsetningar for robust undervisning og breiare læringsmiljø, men fører samtidig til tap av eit lite og nært oppvekstmiljø.

Alternativ 2 gjev ei mellomløyssing der dei eldste elevane vert samla i eit større fagmiljø, medan dei yngste framleis får eit lokalt tilbod i Flekke. Dette kan gje ei betre balanse mellom omsynet til fagleg robustheit og omsynet til nærleik for dei yngste elevane. Samstundes vert Flekke ståande att som ein svært liten skule med avgrensa fagmiljø og større organisatorisk sårbarheit. Bygningane vil krevje oppgradering eller byggast ny.

Alternativ 3 gjev tilsvarande verknader på ungdomssteget ved Våge. Elevane på ungdomssteget får tilgang til større fagmiljø og fleire læringsarenaer ved Dingemoen

skule, medan barnesteget vert vidareført lokalt. Samstundes mistar Våge noko av breidda og heilskapen i verksemda som kombinert barne- og ungdomsskule.

For elevane kan overgangane til større skular verte opplevde som både positive og krevjande. Nokre elevar vil få eit større sosialt miljø og fleire relasjonar å velje mellom, medan andre vil oppleve tap av oversiktlege og stabile miljø. Røynsler frå andre strukturendringar syner at kvaliteten på overgangsarbeidet er avgjerande for korleis elevane opplever endringane.

Kommunedirektøren vurderer at ein justert skulestruktur kan bidra til å styrke kvaliteten i opplæringa gjennom etablering av større og meir robuste fagmiljø. Samling av elevar og kompetanse vil kunne legge til rette for auka samarbeid mellom lærarar, betre utnytting av ressursar og styrkt kapasitet til systematisk pedagogisk utviklingsarbeid.

Større fagmiljø gir betre føresetnader for å utvikle profesjonsfellesskap, dele kompetanse og sikre kontinuitet i undervisninga. Dette kan vere særleg viktig i høve arbeid med tilpassa opplæring, spesialpedagogiske tiltak og oppfølging av elevar med ulike behov. Dette kan bidra til å sikre at fleire elevar får eit opplæringstilbod som er tilpassa deira føresetnader og utviklingsnivå.

Fjaler kommune har eit mål om å forbetre læringsresultata i skulen. Tilgang på kvalifiserte lærarar og eit stabilt og utviklingsorientert fagmiljø er ein sentral føresetnad for å nå dette målet.

Fjaler kommune opplever utfordringar knytt til rekruttering av kvalifiserte lærarar og skuleleiarar. Rekrutteringssituasjonen vert vurdert å kunne bli meir krevjande i åra framover, mellom anna som følgje av demografiske endringar og aukande konkurranse om pedagogisk arbeidskraft.

Små fagmiljø ved skulane gjer det meir sårbart å oppretthalde stabil pedagogdekning og nødvendig kompetanse innan alle fagområde. Færre yrkesaktive pedagogar kan på sikt påverke kommunen si evne til å sikre forsvarleg pedagogisk bemanning og oppfylle krav til kompetanse i opplæringa.

Ein meir samla skulestruktur vil kunne styrke rekrutteringsgrunnlaget ved å tilby større fagmiljø, meir attraktive arbeidsplassar og betre vilkår for fagleg utvikling. Dette kan bidra til å sikre stabil tilgang på kvalifisert personale og redusere sårbarheita i skulesektoren.

For å lykkast med strukturendring vil det viktig med tydeleg involvering av tilsette, god planlegging og kompetansetiltak og god leiingsforankring ved mottakarskulen. Det handlar og om positive haldningar hjå alle til å vilje til å ville lykkast.

Folkehelse og skuleskyss

AK (s92) Alle alternativa inneber auka skuleskyss og lengre reiseveg for enkelte elevgrupper. Dette gjeld særleg alternativ 1, der alle elevane ved Flekke vert overførte til Dingemoen. Alternativ 2 og 3 gjev meir avgrensa endringar fordi delar av skuletilbodet vert vidareførte lokalt. Samstundes medfører alternativ 3 relativt lang busstid for dei

eldste elevane frå Våge til Dingemoen.

Auka skuleskyss inneber mindre tid til kvardagsaktivitetar og lengre dagar for elevane. Dette kan særleg påverke dei yngste elevane og elevar som allereie har lange reiseavstandar. Samstundes vert reisetidene i Fjaler vurderte å vere innanfor det som normalt vert rekna som akseptabelt i distriktskommunar.

Det vert lagt til grunn at alle elevar som får lengre skuleveg, vil ha rett til skuleskyss i alle alternativa. Kostnadsauken knytt til skyss er relativt avgrensa samanlikna med dei samla økonomiske verknadene av tiltaka, men inneber likevel ei auke i den samla transportbelastninga for elevane.

Alternativ 1 gjev størst negativ verknad for skuleskyss og nærleik til skulen.

Alternativ 2 og 3 får mindre konsekvensar fordi dei yngste elevane framleis får eit lokalt skuletilbod. Fylkeskommunen si rolle i organiseringa av skyssen vert ikkje i særleg stor grad påverka, men det er klart at dette kan gje nokre ekstra utfordringar, særleg dersom alternativ 3 vert aktuelt.

For alternativ 1 og 2 er det allereie etablert bussamband, sidan elevane ved Flekke høyrer til ungdomsskulen på Dingemoen. Dimensjoneringa av dette busstilbodet må likevel eventuelt vurderast nærare.

Kommunedirektøren vurderer at det blir viktig å få til gode løysingar som gjer at reisetida blir kortast mogeleg. Skyss er ei belastning og i seg sjølv negativt for dei som har lang veg. Unntaket kan vere for dei elevane som må gå til skulen langsmed trafikkert veg, utan fortau og gatelys. Desse kan får tryggare skuleveg og kortare reisetid. For Alternativ 1 ser vi at halvdelen av elevane har skyss i dag og vil få lengre avstand og auke reisetid. Dei som ikkje har skyss vil få dette som ei ny belastning. Alternativ 2 vil få mindre konsekvensar då det gjeld færre elevar. Alternativ 3 vil få konsekvensar ved at all på ungdomstrinnet får skyss og lang reiseavstand og reisetid.

Som avbøtande tiltak blir det viktig å få til gode løysingar som gjer at reisetid blir kortast mogeleg. Praxis siste åra til å kunne søkje om å gå på Sande skule for elevar som er busett frå Langeland og mot kommunegrensa i Sunnfjord, må vurderast til å halde fram. Dette har fram til no vore eit viktig avbøtande tiltak.

Samfunnsutvikling

Skulane i Fjaler har ulike roller i lokalsamfunna. Dingemoen skule er sentralskulen i kommunen og har ein funksjon knytt til kommunesenteret Dale. Flekke og Våge er mindre lokalsamfunn, der skulen i større grad fungerer som ein sentral møteplass og identitetsberar.

Alternativ 1 vil få dei største konsekvensane for lokalsamfunnet i Flekke. Skulen er ein av få offentlege institusjonar i området og fungerer som møteplass for barn, føresette og lokalmiljøet. Ei full nedlegging vil redusere den daglege aktiviteten i området og kan påverke opplevinga av attraktivitet og tilhøyrslse i lokalsamfunnet. Samstundes vil kommunen kunne samle ressursane sterkare rundt Dingemoen skule og kommunesenteret.

Alternativ 2 gjev mindre konsekvensar for lokalsamfunnet fordi skulen framleis vert vidareført for småsteget. Flekke vil framleis ha eit lokalt oppveksttilbod, men skulen vil få redusert aktivitet og ei meir avgrensa rolle.

Alternativ 3 gjev tilsvarande verknader ved Våge. Barnesteget vert vidareført lokalt, medan ungdomssteget forsvinn. Dette vil redusere aktiviteten ved skulen og svekkje noko av funksjonen til skulen som samla oppvekstarena i bygda.

Forsking på skulenedleggingar syner at konsekvensane for lokalsamfunn varierer mykje. Verknaden er mellom anna avhengig av avstanden til alternative tilbod, folketalsutviklinga, nærleiken til kommunesenteret og kva andre funksjonar som finst i området. Konsekvensane er difor vanskelege å talfeste, men må inngå som ein del av den samla vurderinga.

Kommunedirektøren vurderer at alle alternativ vil ha negativ effekt for samfunnsutviklinga. Alternativ 1 blir vurdert til å gje negativ effekt på grunn av at heile skulen blir lagt ned, medan barnehagen held fram. Flekke og omland har hatt stabil folketalsutvikling (usikkerheit i tala) og auka næringslivsaktivitet og skulen er viktig for rekruttering og for arbeidsplassane. I tillegg har skulen ein viktig funksjon for fritidsaktivitetar og som samlingsplass for dei som bur i Flekkeområde. Samtidig er det kort veg til kommunesenteret og mange deltek på fritidsaktivitetar der. For alternativ 2 vil skulen halde fram og konsekvensane blir vurdert til å vere mindre.

Alternativ 3 blir vurdert til å gje negativ effekt tilsvarande alternativ 2, men i og med at avstanden til kommunesenteret er mykje større, blir konsekvensen noko annleis. Ytre deler av Fjaler har siste 10 åra hatt nedgang i folketallet og tal elevar, men det er no i ferd med å bli etablert arbeidsplassar som kan skape grunnlag for ei positiv endring. Tilsvarande som i Flekke er rekruttering av kompetanse til område viktig der det blir viktig å kunne oppretthalde skuletilbodet slik det er i dag.

Barnets beste

Kommunedirektøren har vurdert barnets beste under eige kapittel.

Endringa i skulestrukturen kan medføre utfordringar for enkelte elevar, blant anna knytt til lengre skuleveg og nærheit til skuletilbod. Samtidig vert det vurdert som viktig å sikre eit stabilt, føreseieleg og kvalitativt godt opplæringstilbod for alle elevar. Tilgang på kvalifiserte lærarar og robuste fagmiljø vert vurdert som sentrale omsyn i så måte.

Barnets beste skal vere eit grunnleggjande omsyn i alle saker som gjeld barn og unge, jf. FN sin barnekonvensjon artikkel 3, som er teke inn i norsk rett gjennom menneskerettslova. Dette inneber at kommunen har ei plikt til å vurdere kva som er til beste for barna, vekte dette opp mot andre relevante omsyn og synleggjere vurderinga i saksframstilling og vedtak.

Utdanningsdirektoratet sin rettleiar «Veiledning til bruk av barnekonvensjonen i saksbehandlingen» (2024) legg til grunn at vurderinga av barnets beste skal byggje på ei konkret og brei kartlegging av barnet sin situasjon og behov. Dette omfattar mellom anna å hente inn synspunkt frå barn og unge sjølve, føresette, fagpersonar og andre som kjenner barnet.

I saka om skulestruktur inneber dette at barnets beste må vurderast både på kort og lang sikt. På kort sikt kan endringar i skulestrukturen medføre utfordringar for enkelte elevar, særleg knytt til lengre skuleveg, endra kvardag og behov for tilvenning til nye skulemiljø. For nokre elevar kan dette påverke trivsel, tryggleik og deltaking i fritidsaktivitetar.

Samtidig vert det vurdert som avgjerande å sikre eit stabilt, føreseieleg og kvalitativt godt opplæringstilbod for alle elevar på lang sikt. Tilgang på kvalifiserte lærarar og robuste fagmiljø er sentrale føresetnader for dette. Ein meir samla skulestruktur kan bidra til å styrke desse forholda, og dermed betre leggje til rette for god læring, tilpassa opplæring og eit inkluderande skulemiljø.

Barnets beste inneber ikkje at eitt enkelt omsyn skal vere avgjerande åleine, men at konsekvensane for barn og unge skal vurderast grundig og reelt. I denne saka må omsynet til nærleik og lokal tilknytning vegast opp mot omsynet til kvalitet, kompetanse og langsiktig berekraft i skuletilbodet.

Elevmedverknad er ein viktig del av vurderinga av barnets beste. Elevane skal få tilstrekkeleg og tilpassa informasjon, og reell moglegheit til å uttale seg. Dette blir det planlagt for å gjennomføre i høyringsrunda.

I høyringsperioden blir det lag til rette for prosessar i elevråda ved skulane, og det bør vurderast deltaking frå ungdomsråd (ikkje operativt pr i dag). Slik medverknad vil styrke kunnskapsgrunnlaget for vurderinga og bidra til betre avgjerdsprosessar. Dette er særleg viktig med omsyn til å lage ein god plan for lykkast med eventuelle endringar.

Kommunedirektøren sine vurderingar

Kvifor må kommunen gjere noko?

- 9 mill. kr budsjettgap i 2026
- behov for minst 15 mill. kr langsiktig
- høge kostnader per elev
- store framtidige investeringsbehov.

Framtidig skulestruktur kort oppsummert

Alternativ	Kort sikt berekna årleg effekt	Lang sikt berekna årleg effekt	Viktigaste fordel	Viktigaste ulempe
0 Dagens struktur	0	+ 7,9 mill*	Lokal nærleik	Høge kostnader Investering
1: Flekke til Dingemoen	5,9 mill	10,9mill**	Størst økonomisk effekt	Størst konsek. for skuleskyss
2: Flekke 5-7 til Dingemoen	2,3 mill	3 mill	Bevare småtrinnet	Lite skule og investeringsbehov
3: Våge skule u.trinn til Dingemoen	2,0 mill	2,6 mill	Noko økonomisk effekt	Lang reisetid Lokal effekt

*7,9 mill kr er kapitalkostnader som følgje av framtidig investeringsbehov dersom vi skal halde fram med strukturen slik den er i dag.

**10,9 mill kr langsiktig effekt i innsparing dersom framtidig investering i Flekke elles vil bli gjennomført.

Fordel - ulempevurdering

	Økonomi	Kvalitet	Folkehelse/skyss	Samfunnsutvikling
0 Dagens struktur	-	0	0	0
1: Flekke til Dingemoen	++	+	--	-
2: Flekke 5-7 til Dingemoen	+	+	-	0/-
3: Våge skule u.trinn til Dingemoen	+	0	--	-

++=stor positiv effekt, +=positiv effekt, 0=liten/ingen netto effekt, -=negativ effekt, --=stor negativ effekt

Desse vurderingane føreset at ein føl kriteria som er naudsynte for å lykkast med å gjennomføre endringar. Der vurderinga er negativ vil det vere særskilt viktig å gjennomføre avbøtande tiltak. Kommunedirektøren vurderer at dei negativ konsekvensane for samfunnsutviklinga ved Våge er noko større enn slik Agenda Kaupang har vurdert det. Det skyldast at vi vurderer endringa vil kunne ha ein forsterkande effekt på den nedgangen vi har sett i folketal og elevtal dei siste 10-åra. Dvs at vi fryktar at det skal skje ei ytterlegare fråflytting. Vi vurderer òg at det endringa kan ha ein negativ effekt i alternativ 2 for samfunnsutviklinga.

14.2 Konsekvensar for barnehage i Flekke om skulen vert lagt ned skal vere ein del av rapport.

Ved Flekke skule er det etablert barnehage, og eininga er organisert som eit oppvekstsenter med samlokalisert drift av skule og barnehage. Utreiinga som Agenda Kaupang har gjennomført, omfattar ikkje ei vurdering av barnehagestrukturen, og det er ikkje lagt til grunn endringar i barnehagetilbodet. Dette bør gjennomførast som eiga sak som tek omsyn til barnehagestrukturen i Fjaler kommune.

Barnehagen er ei lita eining med 31 barn, tilsvarende 39 plassar, per 15. desember 2025. Dette gjev avgrensa fleksibilitet både pedagogisk og driftsmessig. Ei ny barnehageløysing på om lag 685 kvadratmeter er estimert til 41,1 mill. kroner, med årlege kapitalkostnader på om lag 2,1 mill. kroner. Rehabilitering kan vere eit alternativ med noko lågare investeringskostnad, men vil òg vere omfattande og kostnadskrevjande 34,25 mill kr.

Samla vurderer kommunedirektøren at barnehagen på Flekke uansett står framfor eit oppgraderingsbehov, og at ei eventuell skulenedlegging ikkje forsterkar dette behovet, men endrar korleis det bør løysast. Sjølv med investering i ny barnehage vil den samla økonomiske belastninga for kommunen vere lågare enn ved vidareføring av dagens skulestruktur.

Utfordringar og løysingar for barnhage er enten nybygg og eller rehabilitering og utfall av sak om skulestruktur avgjer korleis ein skal jobbe vidare med framtidig løysing for barnehagen i Flekke

14.3 Mandatet for utgreiing skal også innehalde utgreiing av kostnadsreduksjonar på Dingemoen.

I kommunestyre sitt vedtak vart vi bedne om å utgreie kostnadsreduksjonar på Dingemoen. Vurderinga er gjort i kap 7.1.5. I tillegg har vi gjort ei vurdering av alternative løysingar for å effektivisere grunnskulen kap 7.

Kostnadsreduksjonar ved Dingemoen

Dingemoen Skule er den skule som har hatt størst reduksjon i kostnadane og forklarar mykje av kostnadsreduksjon vi har fått til innan skule. Vi har teke i bruk ein budsjettmodell som sikrar at vi har ressursar i samsvar med behovet/tal elevar, klassar og tidsbruk og at dette er likt mellom skulane. Dersom vi skal redusere kostnadane ytterlegare for ein av skulane – Dingemoen, vil det påverke kvalitet på undervisninga og arbeidssituasjonen til lærarane.

Vi meiner at tiltak utover struktur må handsamast likt på tvers av skulane og at einskildskular ikkje må handsamast særskilt. Vi gjer merksam på at kostnaden pr elev på Dingemoen er 129 762 kr, ved Flekke 258 349 kr og på Våge 240 598 kr (2025-tal).

Kap 7 viser at det er potensiale til å gjere tiltak for ytterlegare å redusere kostnadane ved å reducere bemanninga, men at ein skal vere obs på at det kan få uheldige konsekvensar for fagmiljø, ressursituasjon, og utviklingsarbeid. Samtidig styrer lovverket kor mykje ressursar som skal planleggast for.

AK peikar på at skulen, PPT, barnevern og helsetenesta samarbeider i dag litt for lite og for seint. Rapporten foreslår faste team på kvar skule som kan fange opp problem tidlegare. Dette er noko vi jobbar med og som representerer eit potensiale på sikt.

Fjaler brukar mykje ressursar på individuell tilrettelagt opplæring. Ved tidlegare innsats innanfor vanleg undervisning til ein redusere behov for eige oppfølging over lang tid.

Dei tre skulane samarbeider i dag lite med kvarandre. Meir samarbeid kan gjere undervisninga meir lik og betre utnytte lærarane, men vil ikkje spare mye pengar i seg sjølv.

Kommunedirektøren vurderer at det er eit potensial til å hente ut meir effektiviseringsgevinstar, men det føreset omstillingsarbeid slik som vist til i våre eigen omstillingsrapport og AK sin rapport. Dette er noko som vi tek med i vidare arbeid med utvikling og omstilling og i arbeid med strategiplanen for oppvekst og strategiplanen for helse. I arbeid med innsparing og bruk av budsjettmodellar, så må alle handsamast mest mogeleg likt.

Dei økonomiske utfordringane blir ikkje åleine løyst med å endre på skulestrukturen så arbeid med å redusere kostnadane innan ordinær drift med tiltak som nemnt ovanfor blir viktige framover.